



ÅRBOK FOR  
*Kvinnherad*  
1982

# ÅRBOK FOR KVINNHERAD 1982

*utgjeven av Husnes Mållag*



**KVINNHERAD KOMMUNE**  
**Kulturkontoret**

## *FRAMSIDA*

viser plassen Træo i Rosendal, teikna av Astrid Haugland. Johannes Hattberg fortel at han som ein av seks sysken voks opp på Træo. Huslyden budde der til 26. aug. 1944. Eine delen av huset var løe, og der hadde dei fjøs til 3 kyr og 12-15 sauer.

No er det kommunen som eig Træo. Frå "Stulandsboka" s. 217:

I året 1839 fester Knut Aamundson frå Voss Akselsplassen som låg nær Omsbrui som no er. Han var gift med Kristi Axelsdotter. So vart plassen bytt i 1845 med eit anna stykke som heiter Træo. Etter Knut Aamundson fester Olav Larsson Mehl plassen Træo i 1848 og gifter seg med ekkja etter honom, Kristi Axelsdotter.

## Innhald:

Framsida av Astrid Haugland.....	
Føreord av skriftstyret .....	s 3
Husmenn i Kvinnherad 1800 - 1900 av Erling Vaage.....	s 5
Husmannsplassen Troåsen under garden Våge i Husnes av Kåre Eldøy .....	s 10
”Etter kom or ætti hans ervingar dyre...” ved red. og Salomon Brandvik .....	s 20
Husmann og strandsitjar ved red. ....	s 22
Dei andre husmannsplassane under Våge etter gards- og ættesoga for Våge v/Erling Vaage .....	s 23
Husmannakongen i Rørvik v/red.....	s 25
Litt om den tidlege lekmannsrørsla i Kvinnherad av Atle Døssland..	s 27
Eit ”andragende” frå året 1848 v/red.....	s 37
Om Luthers katekisme og forklåringar til denne v/red.....	s 42
Samson Toreson Stuland av red. ....	s 49
Svar på spørsmål frå Pontoppidans «dobbelte Forklaring».....	s 57
Husnes Misjonsforening 130 år av Ragnhild Vaage Heimvik.....	s 59
140 års-jubilant v/red. ....	s 60
Kvardag i Jehans-stova. Kveldssete frå 1880-åra av Margot Lea.....	s 61
Johs. Silseth i Toftevåg av Johs. G. Tofte.....	s 70
På Svinøystrand. dikt av Anders Gabriel Kloster .....	s 76
Bjarne Gabrielsson Sunde av red.....	s 77
Småra dl på Halsnøy-mål av Anders G. Kloster .....	s 78
Reisebrev frå Hardangervidda hausten 1959 av Torgeir Døssland...s	79
Kvinnherad-Paletten v/red.....	s 88
Teikningar: Forutan framsida har Astrid Haugland teikna skissa på s. 19, og s. 40 Johs. K. Kaldestad har teikna skisse på s. 22 og 82 Kåre Eldøy skisse på s. 13 og riss på s. 15	

# FØREORD

Tanken om ei årbok for Kvinnherad vart først kasta fram på årsmøtet i Husnes Mållag våren 1981. Styret i mållaget drøfte saka og peika same våren ut eit skriftstyre med vide fullmakter.

Det har vorte meir og meir vanleg at bygdelag og byar gjev ut årbøker eller årsskrift med hovudsakleg lokalhistorisk innhald. Dette må hanga saman med den aukande interessa for det å ta vare på ting og minne frå fortida, slikt som kan gje ein ei kjensle av at ein midt i ei oppriven tid likevel har røter og høyrer heime nokon stad. Årbøkene vert ei kontinuerlig, rullande historieskriving på heimleg plan. Dei fleste årbok-skriftstyre er medvitne om dette og let det vera ei rettesnor i arbeidet sitt.

Det følgjer ansvar med dette å skriffesta fortida. Det bør gjerast både rett og finsleg. Dei munnlege overleveringane må så langt råd er krysskontrollerast, eller ein må syta for at dei ikkje gjev seg ut for meir enn det dei er: brotstykke som kanskje har vorte omlaga og tildikta på vegen fram til i dag. Eller du har for deg eit dokument som gjennom sitt innhald og si form kastar skarpt lys på ein liten mole av samtida si. Då vert det ei oppgåve for skriftstyret å prøva setja dette inn i ei vidare rame med ei forhistorie, eit samtidsmiljø og med mogelege følgjer framover. Det vert med andre ord ei tid- og arbeidskrevjande oppgåve å vera skriftstyre.

Mange årbøker nøyer seg med den nemnde målsetjinga, og innhaldet kan iblant verka noko tilfeldig og sprikjande. Det sitjande skriftstyre for Årbok for Kvinnherad har attåt dette vilja noko meir: å samla stoffet kring eitt eller eit par **hovudtema**.

Bygdeboka kunne ikkje ta med altfor mange detaljar i den allmenne delen, og gards- og ættesoga vil vel helst måtta nøya seg med å fortelja om dei som sat med sjølve garden. Det vil gjerne bli lite plass att til husmannsfolk, lausarbeidarar og småhandverkarar. Livet til desse tedde seg ofte meir skifterikt og dramatisk enn livet til dei som sat i nokonlunde trygge kår på ein gard. Med få unntak kan ein vel seia at dei levde på eksistensminimum, sveltegrensa, men livet er kjært, og nauda gjer oppfinnsam. Å prøva retta lyskastaren inn mot tilværet til desse **småkarfolka** i bygdene våre meinte skriftstyret burde vera **ei** viktg oppgåve. Det som her er kome med av deira soge, er likevel berre å rekna for spreidde spadestikk i kulturåkeren, og slik dette skriftstyret er sett saman, vart det lett til at tilfanget fekk slagside geografisk sett. Men lat dette vera som ei slags byrjing og tena til rettesnor for komande årgangar av årboka.

Men eit hovudtema må ikkje få lov å breia seg altfor mykje heller. Ei

god årbok må vera rikt variert. Det andre temaet vårt kan me kalla **det religiøse livet** i bygda. Det handlar om dette som folket bala med å knyta livet sitt til, så det kunne få ei slags meining, om det var aldri så fattigsleg og gledelaust.

Med å ta inn skodespelet "Kvardag i Jehans-stova" meinte me å oppnå to ting: først å syna fram kvardagslivet i ein vanleg heim for hundre år sidan, kva dei hadde å hjelpa seg med og kva tankane og drøset sveiv om, dinest å prøva få fram kor levande og rikt **språket**, bygdemålet greidde å halda seg i talen trass i det danske skriftspråket dei var nøydde til å lesa, skriva og syngja. Dette siste har me prøvt å setja i relieff med skriftmålsprøver og talemålsprøver frå same grend og på lag same tid, Omvikdalen kring 1850-1880.

Så vil det alltid finnast folk som skil seg ut frå massen og gjerne er føre si tid på ymse måtar, tiltøke og nyttige for andre meir enn for seg sjølve. Me let dei vera representerte ved den originale innflyttaren Johs. Silseth i Toftevågen.

Endeleg meiner me at ei årbok bør kunna kvikkast opp med t.d. levande reiseskildringar, gode bilete og namn til humor og poesi. Det siste har det diverre vorte minst av, men gjennom samarbeid med det unge kunstforumet "Kvinnherad-Paletten" burde det kunstnarlege innslaget vera sikra.

Det står ikkje i vår makt å lova at Årbok for Kvinnherad frå no av skal koma ut kvart år. Det kjem an på fleire ting: korleis denne første årgangen vert motteken, kor mange det er som vil gjera billeg eller gratis arbeid for boka, kva økonomisk støtte ho kan få m. m.

Ikkje minst viktig meiner me det er at skriftstyret for ettertida vert slik samansett at heile kommunen vert best mogleg representert i det.

Husnes Mållag har med dette arbeidet berre vilja visa veg og reknar seg ikkje som sjølvskrive til å stå føre årboksarbeidet for all framtid. Tanken om å skipa eit eige lokalhistorisk lag for Kvinnherad har vore lufta, og vert det noko av dette, ville det vera naturleg at ein slik institusjon tok på seg denne oppgåva.

Me takkar Kvinnherad Kommune for økonomisk støtte og alle medarbeidarane for verdfull hjelp.

**Skriftstyret 1982: Ansgar Bjelland. Lars Bjelland.  
Ragnhild Vaage Heimvik Leiv Døsland(form.)**

**Erling Vaage:**

## *Husmenn i Kvinnherad 1800 - 1900*

Det var i perioden mellom desse to runde tala at husmannsvesenet i Kvinnherad - og i store delar av landet elles - skaut fart, nådde toppen, og tok til å gå attende. Uttrykt i tal ser det slik ut for Kvinnherad.

	1800	1835	1865	1891
Husmenn m/jord:	101	208	311	117
Bønder:	276	345	379	402
Folketal ca.:	2600	3600	4560	4800

Det var den sterke voksteren i folketalet som gjorde at talet på husmannsplassar steig så fort. Når det gjekk tilbake like fort, eller fortare, kjem det seg av at det hadde opna seg utlaupskanalar for folkeoverskotet: Amerika, industrien kring byane våre og framgangen i fisket. Nokre husmenn fekk nok og løyst inn plassane sine og vart for sjølveigande bønder eller småbrukarar å rekna.

Husmannsplassar var det rundt i alle bygdene i Kvinnherad, ikkje under kvar gard, men somme gardar hadde mange. Dei vanlege leiglendingsbruka under baroniet, eller stamhuset, hadde få eller ingen. Men dei såkalla setegardane i Rosendal, Mehl og Hatteberg, hadde fleire, Mel 9, Hatteberg 7. Malmanger Prestegard hadde då 8 husmannsplassar.

Desse og følgjande tal er tekne frå folketeljinga 1865:

Røsland, Kaldestad og Opsanger hadde 6 husmannsplassar kvar, mange av dei svært små, særleg dei under Kaldestad. På Sunde var det 9, nokre av dei bra store, men dei fleste små.

Under Raudstein var det 6 husmannsplassar, og garden med alle plassane fødde 20 storfe, 45 sau'er og 31 geiter. På Undarheim var det 8 husmenn, men på Helland er det ikkje ført opp meir enn 1. Sjølveigargarden Tveit

i Bringedalsbygdo hadde og berre 1, Kro'o, men under Helvik var det 6. Bringedal hadde 1 og Berge 3.

Ein kan undrast kvifor det var så stor skilnad mellom gardane. Men det var vel då som no: somme vil gjerne selja tomter, andre vil helst la vera. For dei bøndene som grisla på litt, med nybygging, fiskeustrusting eller kva det no kunne vera, var jo husmennene billeg arbeidskraft. På Skorpo, der Langballe regjerte, var det 5 husmannsplassar. Og alle husmannsplassene kring den nye avlsgarden i Rosendal kom sikkert vel med. Der det var store barneflokkar, hende det ofte at ein eller fleire av syskena fekk overta eller rydja ein plass. Eller dei tok og delte opp garden, som i Helvikjo og andre stader.

Det var så som så med "barnebegrensninga", og frå fyrst på 1800-talet voks det opp mange fleire enn før - "spebarnsdødeligheten" gjekk sterkt ned. Poteta har fått ein del av æra for det, og vaksinasjonen mot barneskopp m. m. Eit barnevenleg "epidemisk klima" bør og nemnast. Følgjeleg vart det store barneflokkar som voks opp og skulle ut or reiret når den tid kom. Det var då mest vanleg at dei tok seg teneste i grannelaget, og når dei så gifte seg, var det å sjå seg om etter ein husmannsplass, anten heime eller hos ein eller annan som gjerne ville leggja ut nye plassar. Det vanlege var vel likevel at dei skaffa seg ein plass før brylloppet. Etter ei forordning frå 1700-talet skulle ikkje folk få gifte seg før dei hadde skaffa seg eit levebrød, t.d. eit husmannsbruk. Dei måtte visa fram feste-setel for presten. Gifte tenarar var like sjeldan som ugifte plassfolk. I 1830-åra var det mange som flytte til Handeland og Valo og fekk seg feste på plass der.

Kva slags vilkår hadde så husmennene i Kvinnherad?

Regelen var at husmannen åtte husa på plassen, men betalte leige for jorda. Han betalte ei innfestingsavgift, og deretter ei årleg avgift attåt at han hadde plikrarbeidsdagar på garden. Vestlands-husmannen var såkalla bygselshusmann, i motsetning til husmennene på Austlandet, som hadde mykje meir pliktarbeid. Men noko pliktarbeid var det her og. Det ymsa noko frå stad til stad. Husmannen hadde fritt beite i utmarka til eit visst dyretal, og vedrett til skat eller hogst, brakje eller annan avfallsved, og dei fekk fritt "pitla tros".

For mange husmenn var nemninga berre som eit merke på at dei budde på såkalla umatrikulert grunn. Hovudinntekta tok dei utanom bruket, og kunne gjerne like godt kallast fiskar, tømmermann eller anna. I 1865-teljinga er det særleg på Hatlestrand ein finn husmenn med attåt yrke. Det må koma av at teljaren her har funne det viktig at yrket er notært. Det var ikkje mindre enn seks husmenn her som var jektebyggjarar, ein var skomakar, ein smed og ein fargar. Det var nok slik i andre bygder og.

Når me fyrst er på den sida av fjorden, må eg nemna at Husa i Ølve var den garden i Kvinnherad som hadde flest husmenn - 12 i alt, 8 med jord, 4 utan. Dei 4 hadde då feste berre på hustufta. Det kom av gruvedrifta som var på Ølve i 1760-70-åra, då det kom mange innflyttarar til denne grenda. Det var ei sørgjeleg samling av fattige, gamle og skrøpelege folk som hadde flokka seg i hop her. I 1801 var det 17 husmenn, 7 med jord og 10 utan, og dei 10 jordlause husmennene var alle lutfattige almisselemer. I 1865 var tilstanden mykje betre. Dei berga seg med fiske og dagleigearbeid, og av og til var det arbeid i gruvene. Men smalhans var det nok då og.

Då husmennene oftast måtte rydja seg plass i utkantane, fekk dei jamnast lang veg til arbeidsplassen. Tenk berre på dei som skulle rydja seg heimar på Lyngstrand, som for ein stor del vart folka ved at Rosenkrone gav feste til nyrydjarar. Mange av plassane der låg under garden Mel, og dei på inste Løfallstrand låg under prestegarden. Anten dei no dreiv fiske eller skulle ut etter leigearbeid var det langt å ro.

Arne Stuland fortel om ein Peder Ådneson som rydja Årsnes i 1780-åra, at han rydja, grøfta og dyrka jord så han kunne fø fire kyr og 12 smalebeist, og var ein av dei fyrste som dyrka kål. Han hadde berre ei lita røykstove, som var vanleg i dei dagar blandt meir velstående folk og. Ein gong måtte presteskysken ro til lands på Årsnes. Dei kom frå Ænes, men kunne ikkje berga seg lenger for ruskeveret. Så måtte dei spørja om husrom i stovo hos Pederen. Og da sku da bli råd med. Skyskarane måtte liggja på golvet, men til presten reidde dei opp på høvelbenken. "Det bliver et hårdt natteleie, dette," sukka presten. "Å nei," sa Pederen, "va eg så mjuke i siedne mine så presten e i sine, så sko eg kje syta me å liggja på hyvelbenkjen." - Peder var komen "sørante" ein stad.

På Geitebu, som ligg noko lenger ute og høyrde til Malmanger, budde Peder Hansen Eidsvik, som var omgangsskulelærar og kyrkjesongar ei tid i Ænessokna. Han fekk i 1847 premi for å ha vore ein av dei flinkaste lærarane.

Ein husmann på Snikkarøyro under Øye, Snilstveitøyo, heitte Fartein Henningson. Ein av sønene hans, Jon Farteinson Øye, som var fødd i 1821, vart jekteskippar etter å ha reist på fiske nokre år. Det er fortalt at han reiste or tenesta på Landa i Omvikdalen på vintersildfiske, som tenestefolk ofte gjorde, og fekk så stor lut at han kunne kjøpa seg part i eit farty.

Etter nokre år slo han seg ned i Haugesund som sildesaltar og skipsreiar. Han endra namnet sitt til Valentinsen. Så der ser me kor dei er komne frå!

At husmennene på andre område og kunne vera føregangsmenn, viser ei historie som Kr. Bjørkevoll fortel i "Sunnhorland". Det var ein husmann som budde i Skogen i Helvikjo, Jon Olson frå Eidsvik. Han var gift med Anna Sjursdotter frå Strandebarm. Ditta ekteparet hadde da slik at dei delte korkje bord eller seng. Anno låg i storasengjo med et tå gutabodno, og Jon'n låg på flatseng på golve me en an'n gutongje attme seg. Framfor flatsengjo si hadde Jon'n bombe og skrin so han hadde maten sin i. Skrine låste han med en løkjel so han bar i et band om halsen. Men elles va dei forlikte. Dei mata kvar sin onkje, og lånte hos kvarandre dersom de åv og te vart knapt for den eine. Kosthalde va noko einsidig, fortelst da. Da gjekk mest på potete. Sonason te Jon va Herman Helvik so busette seg i Rosendal. Han hadde ei tid ein liten dampbåt som han dreiv skysstrafikk med og var visst litt av ein original.

Då utvandringa til Amerika tok til ved midten av førre hundreåret, drog mange husmenn over havet. Ja, dei utgjorde vel mesteparten tå dei 1680 menneska som reiste over frå Kvinnherad i åra 1840-1900, dei og gruppa tenestefolk.

Frå ytste delen av Husnes sokn reiste det ikkje så mange til Amerika. Her var hermetikkfabrikken på Sunde komen i gang i slutten av 1860-åra, og det var mange fiskarar og sjøfolk. Husmannsplassane på Sunde vart arbeidarheimar. På Sunde vart det ei viss tilflytting rett før hundreårsskiftet av fabrikkarbeidarar, bakarar, kontorfolk o.a.

Mesteparten av husa på Sunde står i dag på tidlegare husmannsplassar, Bratten, Olderkjere, Tanndalen, Stølen, Inngjerdet, Tre og Saghaugen. Ja, sjølv Sunde sentrum var ein gong ein husmannsplass, Neset. Haktor Thorsen frå Holmedal bygsla denne plassen av Erik Gabrielson i 1850-åra, då han tok til med landhandel der. Seinare kjøpte han plassen og noko av garden attåt. Han var bestefar til Bjarne Thorsen og dei.

På Røssland vart mønsteret det same. Husmannsplassane der, Naustvikjo, Stykket, Holo og Leite er snart eit samanhangande bustadområde.

I Nera-Rørvikjo er to husmannsbruk blitt sjølvveigande småbruk, Øyjorde, som låg under Kaldestad, og Bjønnbere, mens dei i Øvra-Rørvik, i Våge og på Bjelland mest alle er gått inn i gardsbruka.

I Bringedalsbygdo, frå Raudstein til Berge, var det kanskje fleire som reiste over til Amerika enn frå nokon annan stad i heradet, høvesvis 113 i åra 1840-1900 av eit folketal i 1865 på 182. Det kom delvis av at det var så mange heile huslydar som reiste ut derifrå i den tidlege pèrioden.

Husmennene og husmannssønene og -døtrene var nok ikkje dei som

greidde seg dårlegast som bureisarar i den nye verda. Dei var godt vane med å greia seg med lite, vane med hardt arbeid og hadde vore borti litt av kvart.

**Kåre Eldøy:**

## *Husmannsplassen Troåsen under garden Våge i Husnes*

### **BAKGRUNNEN FOR HUSMANNSORDNINGA.**

Folketalet her i landet dobla seg frå 1769 til 1869, frå 723000 til 1,7 millionar. Som årsaker til denne store folkeauken kan nemnast betre tilgang på mat. Det vart produsert meir og betre mat på gardane, det vart teke meir sild or havet, og poteta vart innført i dette tidsrommet, og vart eit viktig matemne. Dei meiner at det også var nedgang i epidemiske sjukdommar. Alt i alt var det fleire menneske som levde opp enn før. Desse skulle skaffast arbeid og levemåte, men utvegane var ikkje mange. Å verta husmann eller husmannskone, eller plassfolk, var løysinga for ein god del. Gardane hadde trong for arbeidsfolk, og det galdt om å festa den ledige arbeidskrafta til garden. Dette var opphavet til det utbreidde systemet med husmenn, eit system som var vanleg også i våre bygder. I 1801 var det 39 400 husmenn med jord her i landet, i 1885 var dette talet kome opp i 67 400. Etter påtrykk frå embetsmenn kom den første husmannsforordninga her i landet i 1750. Hovudpunktet her var at det skulle utferdast skriftleg kontrakt mellom gardmann og husmann. Kontrakten skulle vara for husmannen si levetid og skulle fastslå kva for plikter og rettar husmannen hadde.

Diktaren Jens Tvedt har t.d. i «Madli und' Apalen» skildra korleis livet arta seg på ein husmannsplass og skriv mellom anna:

«Apal-plasse var ei liti krå i nordre snippen av Knuta-jordi på Bakka. Det hadde vori ei av desse krærne som jordamannen ikkje ser nokor sakk i. Namnet årsavgift, anten i pengar eller arbeid, og dertil eit par pliktdagar i dei tri onnene såg ein betre mun i enn dei turre stråi som kan henda voks der og kan henda ikkje».

Ivar Aasen har denne tolkinga av ein husmannsplass:

«Bebygget Jordstykke som er Leiebrug under en Gaard og tjener til Opholdssted for en Familie».

### **HUSMENN UNDER GARDEN VÅGE**

Også på garden Våge i Husnes har det gjennom tidene vore fleire husmannsplassar. Desse er visse:

Troåsen (frå ein gong på 1700-talet)

Stølshaugen (frå 1825)  
Vågshaugen (frå 1838).

Me skal her ta for oss den eldste av desse husmannsplassane, nemleg Troåsen, eller Undåsen som var det gamle namnet, og som kanskje var meir høvande, med di plassen låg «under åsen». Tuftene var på lag der Einar Tveit no har sett seg opp hus.

## HUSMANNSVILKÅR

Noko bygselsetel for Troåsen har det ikke vore råd å finna fat i, men det er ikkje urimeleg å tru at om lag same vilkår som galdt husmannsplassen Troåsen, vart gjort gjeldande for dei to andre husmannsplassane på garden Våge, altså Stølshaugen og Vågshaugen. Og desse bygselsetlane har me sett. Dei fylgjer det mønsteret som var vanleg på den tida. Husmannsvilkåra var i hovuddraga såleis:

- husa på plassen skaffar husmannen seg sjølv, og dei vert hans og huslyden hans sin eigedom,
- bygselet skulle vara i husmannen og kona si levetid,
- fritt beitè i utmarka på garden for 1-2 kyr,
- plikt til eit visst gjerdehald,
- rett til fri brenneved av brake og fure- eller olderkvist («som ere nedhugne og hvilken Veed han alene skal tage i Uhrene»)
- årleg avgift skulle svarast med viss sum, t.d. 4 eller 5 Spd. som kunne anten reias ut kontant eller ved arbeid på garden, alt etter som husbonden fann det for godt å avgjera.

Ein interessant detalj er likevel at husmannen måtte forplikta seg til å arbeida på garden hos husbonden «fremfor hos nogen anden fremmed, imod almindelig Bøygdebetalning». Dette fortel meir enn noko anna om at arbeidskrafta var viktig for gardmannen.

Når ein les gjennom desse bygselsetlane for husmannsplassar, kan ein få inntrykk av at det var svært så strenge vilkår. I praksis trur eg at tilhøvet mellom husmann og husbonde i Husnes var godt. Ein viss sosial skilnad var det nok, men den var neppe særleg merkande i dagleglivet.

## TROÅSPLASSEN OG FOLKET DER

I folketeljinga 1801 er ein Johannes Hemingson, fødd 1753, oppført som einaste husmann i Våge, og det er mest truleg at han har budd i Troåsen. Kona hans var Brita Pettersdtr. Helvik, f. 1756. Dei hadde døtrene Madele f. 1781 og Marita f. 1783. Denne Madele vart i 1813 gift med Johannes Johannesson Sunde. Det er likt til at ho fekk den gamle far sin med seg til

Sunde på hans eldre dagar, for då han vart gravfest i 1823, er han nemnd Johannes Sunde. Johannes Hemingson synest å ha flakka ikring frå den eine staden til hin. I 1780 er han skriven for Twedt og i 1781 for både Helvik og Tofte. Den lengste tida må han likevel ha halde seg på husmannsplassen i Troåsen.

Jordamann i Våge frå 1778 var Lars Gabrielson, som kom dit og gifte seg med jenta på garden, Brithe Hallwardsdr. Vaage, og fekk skøyte i januar 1779. Våren 1794 skreiv Lars ut bygselsetel til Tolleiv Hansson på «Uskatlagt Plads Undaasen. Bygselssetelen vart «publiceret» på Kvinnherad skipreide sitt haustting 15.oktober 1794 på tingstaden Gjermundshamn, administrert av futen U. W. Koren.

Tolleiv Hansson var fødd i året 1767, og var son til Hans Tolleivson og kona Haldri Hansdr. som hadde bruk på Sunde med skøyte 1757. På Sunde hadde han ein bror, Knut Hansson, som var korporal, og som overtok bruket på Sunde 1783.

Det var ein etter måten ung og liten husmannsfamilie som tok fat i Troåsen denne våren i 1794. Tolleiv hadde med kona Anna Gudmundsdr., f. 1759, dotter av leiglendingen Gudmund Pederson Opsanger, og ein toårsgamal son som heitte Gudmund. Men alt same året (1794) kom det eit gutebarn til, som dei gav namnet Olav. Barnefokken auka jamnt og sikkert, og då kona Anna døydde i 1823 i ein alder av 64 år, hadde dei saman fått sju søner og to døtre.

Å sitja som konelaus husmann med mange born å forsyta var ikkje råd, så Todleiven gifte seg for andre gong alt i 1823 med den 21 år yngre Martha Nilsdr. Kaldestad f. 1788, dotter av Nils Larsson Kaldestad. Martha sin barndomsheim skal ha vore ein husmannsplass på Kaldestad. Frå same stova kom broren Nils Nilsson Kaldestad, som året 1825 fekk bygsla plassen Stølshaugen i Våge «som ej forhen av Huusmand har været beboet». Så Martha hadde ikkje lang veg til næraste slekta.

Tolleiv og Martha fekk fire døtre i lag, og då den yngste kom i 1831, var Tolleiv 64 år og kona 43. I alt kom det til verda 13 born på Troåsplassen etter Tolleiv. To av borna døydde tidleg.


## **HUSA OG TUNET PÅ TROÅSPLASSEN**

Husa på Troåsplassen stod like under sjølve Troåsen, med utsyn mot aust og sør. Mot vest gjekk bergveggen ende opp og stengde for kveldssola. Tunet låg på ein liten flate. Frå ein skifteprotokoll veit me at det kring 1820 fanst ei ny røykstove der oppsett av husmannen Tolleiv, dertil ei eldre røykstove med tilbygd kjellar, venteleg etter tidlegare husmenn. Røykstovene var torvtekte. Så var det ei løe av stenderverk med tømra flor inni

og eit tilbygt smalehus, tekt med utilhogne heller. Utanfor floren var det mottingdyngje. Eit mura eldhus med helletak stod for seg i tunet. Nede ved sjøen hadde Tolleiv eit mura gråsteinsnaust med helletak, men nett kvar dette naustet var, veit ein ikkje sikkert.

Frå ei noko grunn mura kjelde like ved tunet henta dei vatn, ikkje lange beten frå stovehuset og løa. Vedahus hadde Tolleiv laga seg til under nokre kjempestore steinar som stod og halla seg mot kvarandre i ura under bergveggen.

Tunet var på denne måten vel samla, og låg i ly for ver og vind. Det var helleglagde gangveggar i tunet, som var uneleg etter det eldre folk har fortalt. Ute i tunet var det ein stein til å kvetja knivar o.l. på, og den var blank og glatt som glas etter årelangt bruk.



## HUSDYR

Todleiven må ha vore ein arbeidssam mann og har skrappt i hop for til mange husdyr på den vesle plassen. Ved skifte etter første kona hans, Anna Gudmundsdtr. i 1823, fødde han fire kyr, det var Brunsida, Mørkrei, Plomrei og Beltrei, og dertil ein kvigekalv, 5 smale og ei grisepurke. Det er mest utruleg at buskapen var så stor, særleg når ein tenkjer på at Troåsbakkane på den tida ikkje kan ha vore så mykje oppdyrka, men var tilvaksne med

grov lauvskog, older, ask, eik og hatl. Eg kan tenkja meg at det som i dag heiter Storekro og Nordekro var dyrka og nytta til åker og eng. Men elles må forklåringa vera den at dei tok skrapaslått kringom alle stader og bar høyet heim. Me veit om nokre slike småflekke, det er Lukkepotten, Guriplassen, Haldriskoro. Lauving og skav gav vel også noko tilskot til foret. I buet var det opprekna ikkje mindre enn 7 stutturvljå og 3 sigdar, men ikkje langorv. Dette fortel også sitt om innhaustingsmåten, like eins at både husmannen sjølv, kjerring og ungar var med på slåttearbeidet. Også borna fekk sine plikter frå dei var ein neve store.

## **SJØBRUK**



Det er alt fortalt at husmannen hadde naust ved sjøen i Sundsvågen, og der hadde han to båtar, ein liten seksæring utan segl, og dessutan ein gamal færing med segl. Dessutan hadde han ei setjing storsildgarn med det utstyr som tilhørde, fiskesnøre med blystein, dregg, fiskekiste og diverse tunner. Storsild måtte han langt etter, og ein må ha lov til å tru at Todleiven og sønene har fare «til havs» som dei seier, og vore med i vårsildfisket nord om Haugesund, og elles drive med heimefiske til husbruk.

## **HUSMANNSSTOVA I TROÅSEN**

Den gamle rundtømra husmannsstova etter Todleiv stod i over hundre år. Det lever enno folk som har vore inne i stova og som har fortalt om korleis ho såg ut og var utstyrt.

Det var ei røykstove med ljore i taket og tekt med never og torv. Inngangsdøra var på øvre langsida. Først kom ein inn i ei sval, eller «utedøra» med hellelagt golv. Her stod det trekvite kister som dei hadde maten sin i, salttunne, åttingar med salta brisling og liknande. Gangklede hang på knaggjar kring veggene. Frå denne gangen var det dør inn til stova. Det var berre eitt einaste stort rom, og der hadde hyslyden senger, kister, eit lite bord, rokkar. Sengene stod i tre av krærne. I den fjerde kråa var det ein stor kaasseomn, der dei kokte maten. Det var berre eitt vindauga i stova, og dei fortel at neverlaget under taktorva stakk ut like ned over vindauga. Midt på stovegolvet var det ei luke ned til ein liten kjellar. Der hadde huslyden potetene sine.

Ein kan undra seg over kor dei sov alle. Eg gissar på at nokre sov på florslemen, og kanskje i eldhuset om sommaren.



HUSMANNSSTOVA I TROÅSEN CA. 1800

## KORLEIS GJEKK DEI KLEDDE?

Bestefar, Knut L. Vaage (1847 - 1941), kunne hugsa gamle Todleiven og folket hans. Todleiven kledde seg på gammal vis i vadmåls knebukse og sidkufte. Kvinnfolka på plassen gjekk og kledde etter den tids skikk. Såleis hadde dei alltid blåhuve, som var typisk i Kvinnherad og nytta av gamle folk heilt fram til 1930-åra. Mor fortalde meg ein gong at ho ikkje kunne hugsa å ha sett Troåsjentene utan blåhuva ein einaste gong, anten dei var ute eller inne. Blåhuva var laga såleis at inst kom pannelinet, som var fleire kvite hovudplagg knytte på ein særleg måte. Over var dei bretta i fleire legg, det eine ovanpå det andre, og di fleire legg, di betre. Utanpå dette kom sjølve blåhuva, som var laga av svart eller mørkeblått klede. Svarte band hang nedetter ryggen. I buet etter Anna Gudmundsdr. 1823 er det opprekna ein del klesplagg, som kan fortelja litt om korleis kvinnfolk kledde seg då:

- 1 Blaa Fruentimmer Ulden Skjorte med sømmet Qvaring
- 1 gl. Do, med Krage Silkeqvare
- 1 rødt snøreliv med 12 Tin Maljer
- 1 Blaa kledes Skjorte
- 1 gl. Klædes Stak, med rød Bord
- 1 Paar røde Hoser
- 1 blaa Klædes Huve
- 1 Skoudt
- 1 hviiid sømmet Forklæde
- 1 sømmet Halsedug
- osb...

## PLIKTARBEID I VÅGE

Bygselavgifta til hovedbruket var 4 Spd. året for Troåsplassen, og denne avgifta var den same i alle år. Avgifta kunne greiast i reie pengar, eller ved å gjera pliktarbeid på garden. Dagleinna vart då rekna til 10 skilling dagen i alle fall for kvinnfolka. Det svara til 48 dagsverk pr. år. Tolleiv sjølv tok til å dra på åra, og makta nok ikkje pliktarbeidet lenger. Borna flytta or heimen etter kvart dei vart vaksne. Difor vart det «Troaas Pladsets Qvindfolk» som til slutt måtte greia dette pliktarbeidet. Husbonden i Våge var først Lars Gabrielsen Våge, som gav Tolleiv Hansson bygsel på Troåsen 1794, deretter sonen Halvor Larsson Vaage frå 1807, og så Lars Halvorsson Vaage som overtok garden etter faren sin i 1838. Det finst noteringar i Våge som Lars har ført over pliktarbeidet frå år til år. Her skal eg berre ta med eit døme frå året 1857, som gjeld Troåsplassen.

- 3 Dage sat Poter
- 4 Dage ryddet

2 1/2 Dage raspede Poter  
4 Dage bagte  
4 1/2 Slaat og Høiing  
3 Dage paa Haa og Korn  
5 Dage tog op Poter  
2 Dage Ditto  
6 Dage i Skuren  
2 1/2 Dage bagte  
2 Dage Ditto  
1 Dage klippede Faar  
3 Dage drøfting  
2 Dage vasket Stuene  
1 Dage Klæde bearbeide  
4 Dage Vaarvinde 1858

49 1/2 Dage a 10 sk. = 4 - " - 15

Restr eft. 1858 " - " - 10

Altsaa af mig tilgode 5 sk.

Seinare noteringar syner at dei har utført heimearbeid som karding og spinning av veft. Det var akkordarbeid, avrekna etter 3 sk. pr. mark, noko seinare 4 sk. (kring 1860). I 1859 er nemnt at Anna har vore med på slakting i 3 dagar. Ho er også nemnd i 1860 saman med Guro. Den same Guro har vore med på lynging. Kornturking var også arbeid dei vart sette til i Våge. Guro har drive med veving på garden i 1862.

Kring året 1864 må det ha hendt eitkvart som gjorde at kvinnfolka på Troåsplassen ikkje lenger greidde å svara bygselavgifta regelmessig, korkje ved arbeid på garden eller i kontantar. Om det var sjukdom eller andre ting som støyte til, veit me ikkje. Kanskje dei måtte vera meir heime og stella gamle Tolleiv, far sin.

Men husbonden i Våge, Lars Halvorson, har likevel vore tolsam og let det gå fleire år utan å gjera krav på noko.

## **SÅLEIS ENDA DET FOR HUSMANNSPLASSEN**

Det er truleg at husmann Tolleiv levde til kring 1863-64, og at han dermed vart mange og nitti år. Enkja Martha budde framleis på Troåsplassen, saman med dei tre ugifte døtrene, Guro f. 1826, Guri f. 1828 og Martha f. 1831. Desse vart alle dagar kalla for Troåsjentene.

Lars Halvorson Vaage døydde 1875, berre 66 år gamal. Truleg dreiv han seg for hardt, hadde mykje føre og sleit seg ut. Enkja, Boel Olsdr. Vaage, sat att med garden. Året 1879 vart garden Våge delt, og heile Troåsen vart utskilt som ein sjuandepart og skøytt til bestefar, Knut L. Vaage, som bygde hus og dyrka opp bruket.

Også husmannsenkja Martha døydde etter ei tid, og dermed gjekk bygset på plassen ut. Men Troåsjentene fekk bu der til fram mot hundreårsskiftet. Så lenge dei fekk ha helsa, livberga dei seg på ymse vis med å karda og spinna for folk, tok seg arbeid på Sunde med ansjosnedlegging og anna sildearbeid, baka på gardane kringom osb. Men alderen melde seg, og det vart vanskelegare for dei. Husa på Troåsplassen mangla vøla, og taket lak. Til slutt vart dei tre systrene flytte til fatighuset i Kustøno. Der døydde Martha i 1896 og Guro i 1909. Guri levde lengst, men sidan ho vart åleine, fekk ho ha sine siste leveår heime hos Laura Døssland, der ho budde i kammerset. Dei fortel at den dagen Troåsjentene måtte flytta frå heimen sin på Troåsplassen, bar dei tinga sine til sjøs gråtande, for så å ro dei over vågen til Kustøno. Det var den tyngste stunda i deira liv.

## KVAR VART DET AV UNGEFLOKKEN?

Tolleiv Hansson Troåsen hadde desse borna med første kona, Anna Gudmundsdr:

1. **Gudmund** f. 1792, som 1817 vart gift med Maddel Johannesdr., enkje etter Johannes Johannessen Sunde. Han vart seinare oppattgift med Margrete Henriksdr. Har etterslekt på Sunde.
2. **Olav** f. 1794, gift 1814 med Lisbet Henriksdr. Husa, Ølve. Dei var plassfolk på Fet i Uskedalen ei tid. Han er seinare nemnd som Ola Tollefsen Lindanger
3. **Hans** f. 1796, døydde 7 år gamal.
4. **Knut** f. 1798, gift 1824 med Anna Olsdr. Kjerland, har seinare etternamnet Tvedt.
5. **Tolleiv** f. 1800. Har ikkje funne kven han vart gift med, men han nyttar seinare etternamnet Bjelland.
6. **Hans** f. 1803, gift 1827 med Synneva Olsdr. Brandvik. Dei hadde gardsbruk på Huglo. Han skreiv seg seinare for Hans Tollefsen Brandviigen.
7. **Hallvard** f. 1806, døydde same året.
8. **Anna** f. 1807, gift 1841 med Anders Petterson Helvik, f. 1817 (sjå tidsskr. Shl. 1949 om Årvikeætta i Sunnhordland v/Kr. Bjørkvoll). Etterslekt i Amerika.
9. **Haldri** f. 1811 Ho kan ha vore gift to gonger med di ho 1847 er nemnd som Haldri Tollefsdr. Egeland, men visst er det at ho vart gift med Mortein Guttormson, husmann i Tresbygdo (Sunde), som har mykje etterslekt på Sunde og Bjelland.



”Troåsjentene for gråtande ned sjøvegen”.

Med Martha Nilsdtr. hadde Tolleiv desse borna:

10. **Anna** f. 1824 (litt underleg at dei kalla henne Anna, men folk i Hūsnes har sagt at namneskikken i eldre tid var slik at første barn i 2. ekteskap ofte fekk namn etter avlidne ektemake i 1. ekteskap, som her). Me høyrer ikkkje meir om denne Anna, truleg døydde ho som ung.

11. **Guro**, f. 1826, d. ug. 1909

12. **Guri** f. 1828, d. ug. ca. 1918

13. **Martha** f. 1831, d.ug. 1896

## «*Etter kom or ætti hans ervingar dyre*»

I følgeskriv til artikkelen sin om husmannen i Troåsen seier Kåre Eldøy: "Noko ættegransking av slekta til Tolleiv Hansen finn eg ikkje stunder til no. Men lista over borna hans vil kanskje inspirera andre til å rekkja trådar fram mot vår tid."

Nei, me fortenkjer han ikkje i det - det tar tid å farrekkja ei slekt såleis. Men la oss ta ei stikkprøve, tenkte skriftstyret, la oss t.d. ta denne Hans Tolleivsson som vart gift borti Brandvikjo. - Me slår opp i telefonkatalogen og prøver oss fram på namnet Brandvik. "Er det Olav Brandvik?" - "Nei, ditta e Salamon Brandvik da." - Me forklarar kva det gjeld. "Å hå! Ja ditta e felande interessant du. Jau ditta sku vel eg ha litt greia på so nettopp har fått heila slektstavlo frå Amerika."

Eit par dagar etter kjem det brev frå Salomon med liste over næraste etterkomarane til Hans Tolleivsson, slik me vart samde om - heile ætte-tavla ville ta for stor plass.

Fyrst fortel han litt om Hans sjølv og kona, Sønneva Olsdotter Brandvik, f. 1803. "Dei hadde 12 born, og 10 av dei voks opp. Hans var flink murar, mange murar på Huglo er hans gjerning. Det rakk likevel ikkje til livs opphald, så tre av sønene, som tidlegare var reiste over til Amerika, tok foreldra over til seg i 1870. Hans var då 69 år og Sønneva 67. Då sonen Tollef med kona Britha og småguten Mads reiste over i 1868, tok turen frå Bergen til Morris Illinois 14 veker."

Og så kjem dei 12 borna i rekkje og rad etter fødselsåret:

I: Anna f. 31.3 1828. Vart gift med Ivar Olsen. Dei hadde fem born: Hans, John, Sella, Susan og Ivar. Anna kom bort ved ei ulukke.

II: Anna f. 24.9 1829. G. m. Arne (Aadne) Tveit, Huglo. Dei hadde fire born: John, Mary, Susan og Hans. Ho var enkje då ho reiste med borna sine over til Amerika.

III: Sønneva f. 11.2. 1831. G. m. Otte Torbjørnsen Hystad. Dei hadde tre born: Gunnhild, Torbjørn og Hans. Torbjørn kom bort på sjøen ved koll-sigling i nærleiken av Svinøy.

IV: Madel f. 4.10. 1832. Ugift. Budde på Hystad. Då ho vart gamal, flytte ho til broren Hans på Sørhuglo.

V: Barbro f. 24.2. 1834. Ugift. Var i teneste hos presten Kullmann. Budde lenge i prestegarden på Tyse, Stord. (Kullmann var tidlegare kappellan i

Kvinnherad og vart seinare skuledirektør i Bjørgvin).

VI: Tolleif f. 25.1 1835. Gift med Britha Flateråker. To av borna, Sønnevå og Hans, er truleg gravlagde ved Uggdal kyrkje på Tysnes. Tolleif og Britha reiste til Amerika og hadde med småguten Mads. Det var i 1868. Der borte fekk dei to born, Sønneva (Susan) og Hans Severin.

VII og VIII: Tvillingjentene Barbara og Guri. f. 5.6. 1836. Døydde medan dei var små.

IX: Ole f. 1.6. 1838. Kom til Amerika i 1857. Den 15. juli 1861 vart han innrullert for Nordstatane i borgarkrigen. Då krigen var slutt, 1865, gifte han seg med Kristi Skaala. Dei hadde ei jente som voks opp, Severine Karoline, g. m. Lars N. Næss, Rosendal. Det var hos Ole foreldra budde.

X: Britta f. 27.6. 1840. G. m. Nils Monsen Tveit, Huglo. Emigrerte, truleg saman med Hans Tolleivsson og Sønneva. Britta og Nils hadde fire born.

XI: Hans f. 23.10. 1842. G. m. Johanne Halvorsdotter Tveit, Huglo. Budde på Sørhuglo. Dei hadde fem born: Sønene Hans og Ola reiste til Amerika. Hallvard busette seg på Halsnøy. Sønneva og Anna var ugifte. Anna døydde ung. Konene til Hans og Ola var og frå Halsnøy.

XII: Johannes (John) f. 5.3. 1845. Som broren Ole var han med i borgarkrigen i Amerika. G. m. Anna Lee. Dei hadde sju born. Desse voks opp: Hans, Oliver, Anton, Henry og Ola. Både Ole og John tok familienamnet Thompson. Heile denne slekta har hatt det bra i Amerika. Her heime har slekta til Hans Tolleivson gått vidare i Hansen- og Næss-familiane. Samanlagt er det ei svært stor slekt i dag.



**Salomon Brandvik.**

## *Husmann og strandsitjar*

Det var sosial rangskilnad mellom husmann og strandsitjar.

Gabriel'n på Gjerde sat i ei skarve hytte nedi stranda og åtte berre ein færing han drog opp. Han var litt rar i hovudet, så dei kalla han Galne-Gabriel'n. Ein dag gjekk han opp i Åsen og fram på stupet og ropa ned til Todleiven: «No e eg øve deg, no kan du tebe (tilbe) meg!»

Mest misunnte han Todleiven fordi han hadde to båtar, så ein dag tok han seg føre å saga færingen sin av på midten og maksla til gavl i kvar halvpart. Men tette fekk han dei ikkje, og så bar det kje likare til enn at han gjekk ned med den likaste halv båten nett utmed Kustøno og kom ikkje opp att meir.



# *Dei andre husmannsplassane under Våge*

## **Stølshauen**

I Dalen (Koladalen) på Kaldestad budde det ein husmann som heitte **Nils** Larsson Kaldestad (f. 1752 d. 1804) saman med kona si, Guro Gunnaarsdotter (f. 1756 d. 1818). Dei hadde 11 born, og ein av dei yngste var **Nils** (f. 1798 d. 1877), 'Stølshauma'n'. Han var gift med Susanna Ellingsdotter Tveit frå Huglo (f. 1800 d. 1856). Dei hadde 13 born i hop, og 9 av desse nådde vaksen alder. Det var Nils f. 1823, Brita f. 1825, Elling f. 1826, Lars f. 1828, Sønneva f. 1831, Bertel f. 1832, Guro f. 1834, Anders f. 1839, (kalla opp etter ein bror som var fødd og døydd året før), Bertel f. 1841, (kalla opp etter ein bror som var fødd i 1836 og døydd i 1837), Så var det Gunnar, som var fødd og døydd i 1842, og Nilsine som var fødd i 1844 og døydd i 1846. Av dei ni døydd og nokre i ungdommen.

Nils Nilsson fekk feste på Stølshauen i 1825 av Halvard Larsson Vaage. Han skulle betala fem dalar for året i leige og kvart år halda i stand skiftegjerdet mot Rørvik frå Tømmrhauen til Notavikjo. Anna arbeidsplikt hadde han ikkje, men skulle arbeida hos husbonden "imod almindelig bygdebetaling" når det trongst på garden. Leiga kunne ytast i arbeid.

Ved ei teljing i 1865 hadde dei på Stølshauen ei ku, ni sauer, og sådde 1/2 tønne havre og ei tønne poteter.

Etter tufta å døma var det ikkje store husahytto dei sat i. Ho brann ned til slutt og vart ikkje reist att. Det hadde seg slik: Ein av gutane, Anders, var ventande heim frå langfart og kom med båten, og Guro, som då sto for stellet heime, gjekk han til motars frå gruvevarmen. Det tok fyr. Hallvard Vaage (soneson til ovannemnde Halvard) sprang til og skulle prøva å sløkkja, men då var det for seint. Dette må ha vore i 1880.

Husmannsfolket fekk flytta ned på garden til Lars Vaage og bu der til dei fekk områdd seg.

Det lever ei lita herme etter stølshauma'n. Han hadde fått heim noko billeg mjøl til gris og høns, perlemjøl kalla dei det. Det såg så eiande fint ut, totte Nils'n og sette på dansen at Susanno sku koka graut av det til dei sjølv. Ho koka ein grautgrand, berre til mannen sjølv: "Set deg no bortåt, Nils!" - Han åt og tagde, sleikte av skeia og sette ho i veggspunga. "No, koss smakte da?" spurde Susanno. - "Just so middels, du, just so middels," sa Nils'n og rusla ut. Det vart med den eine smaksprøva.

## **HAUEN (Vågshaugen)**

Gunnar Halvardsson Vaage (1812-1900) og Brita Eriksdotter (1810-1893) fekk feste på Hauen i 1838, tre år etter at dei vart gifte. Gunnar vart altså husmann under broren Lars. Han bygde seg stovehus, løe og flor med plass til eit par kyr, ungnaut og 6 sauer, som han hadde beiterett til i Vågsmarkjo. I innfesting hadde han betalt 40 spesiedalar, og han skulle betala 4 dalar om året i avgift for plassen. Han skulle gjerda inn plassen og ha halve vedlikehaldet på garden frå Kjørvebakken til Åskesvikjo. Arbeidsplikta elles var lempeleg: To dagar årleg skulle han "være behjelpelig med at oprydde udmarken".

Gunnar var skipstømmermann. Han bygde båtar og jekter, opp til 500 tønners "drektighed", og Brita vyrdsla hus og heim og stelte med dyr og jordveg. I folketeljinga 1865 er dei oppførte med 2 kyr og 14 sauer, og dei sådde to tønner poteter og ei tønne havre.

Brita og Gunnar hadde 6 born. Sleкта deira går vidare i Hjelmeland og Høgsfjord i Ryfylke, i Bratten på Sunde og venteleg i Amerika.

Gunnar var glad i det sterke. Ein gong han kom frå byferd og stavra seg opp Hauabrotet med eit brennevinsanker i fatle, losna ankeret øvst i bakken og trilla unnabakken. To av brordøtrene hans sat heime i tunet og fylgde med på dette. Dei kunne ikkje anna enn skratta høgt over tilbурden. «Berre le, de bodn.» sa Gunnar, «men Jesses hjelpe meg me donkjen.» - Dei var litt "gudelege", både Lars og Gunnar. Lars brukte ein del gudsord i breva og noteringsbøkene sine. Hos Gunnar flotna det lettast opp når han hadde fått litt innabords. - Men ein grepa fartybyggjar var han - kom ikkje der!

## *Husmannakongen i Rørvik*

Sameleis som Gunnar Vaage vart Mikkjel Rørvik husmann under bror sin. Det var meininga at Anders og Mikkjel skulle dela søre bruket i Øvra-Rørvikjo. Men så var det det at Anders gjekk på friarføter til Eli Jensdotter Bjelland, og ein søndag slengde Jens Pederson Bjelland på seg dyffels-trøya og troppa opp i Øvra-Rørvikjo. Var det rett som ryktet sa at dei ville dela opp garden, så fekk Anders sjå seg om etter eit anna kjeriingemne, let han, Elio var likare kår verd enn å sitja på eit småbruk. Han vart sturen, Andrs'n, då, og Mikkjel'n totte det var sørgjele. "Men skit da sama, Anders," sa han, "ta du berre heile garden å jento, berre eg får sølle å Stykkjebrote."

Og såleis vart det. I 1839 skøyte Anders heile bruket og skreiv under festesetel til broren på Stykkjebrotet eller Tormodsbakkane, like under skiftegarden mot Våge, og dertil Slåttemyro nedi dalen.

Mikkjel sette seg opp hus i Stykkjebrotet. Herifrå hadde han ein glytt nordover fjorden. Han fekk ein dryg mole å gå til sjøs, men det gjorde ikkje stort, for det var der han hadde hjarta sitt og treivst best.

Han var ein uvanleg drivande og føretaksam mann, Mikkjel'n, og slo seg opp på fiske og handel. Snart var han eigar av jekt og bruk og eit tohøgda sjøhus nedi Tjørevikjo. Der hadde han plass til båtar og vegn og dertil ei lita korntørke. Truleg lasta han jekta med korn når tilhøva låg til rettes for det, tørka det i eiga tørke og mol det venteleg på ei av flaumvasskvernane i Kvednadalen, og hadde dermed godt mjøl å venda, eller «göds» som dei sa då.

Han var namnspurd mellom fiskarar og fartykarar og gjekk under namnet "husmannakongen".


Heime nytta han stundene vel og var i somt føre si tid. Kor mange var det som dyrka gulerøter for sal i dei dagar? Mikkjel gjorde det. Han la ei renne frå uthuset sitt og nytta kvar drope derifrå til å gjødsla opp flata nedafor. Der kunne han stå om haustane og pakka gulerøter i tynner og frakta dei til byn. Om vinterkveldane gjekk skomakarhammaren flittig i stova hans. Der var det aldri skort på "slitande" og "bitande". Ei av jentene i Våge, Margrethe, seinare husmor på nordre bruket i Øvra-Rørvikjo, mintest at mor hennar, Bol Vaage, ein gong like under jul sende henne til Mikkjelsplassen for å låna flatbrød. Det hadde vel vorte smått med vatn i Debmegardsbekkjen i Våge den hausten og dermed skort på bakemjøl.

At det var ein grand skillingar att etter "husmannakongen" fortel denne

soga: På nordre bruket var dei vortne hestause midt i ei knipen tid. Då gjekk Nils I Rørvikjo til Mikkjels-Adno og fekk låna pengar til ny hest.

Dei hadde berre to døtre på Mikkjelsplassen, Anna og Kari. Kari vart gift med sunnfjordingen Abraham Svardal som slo seg ned i Nedra-Rørvikjo og dreiv sjøen som verfare og delvis saman med han, og Anna budde hos systera etter at foreldra var farne.

No er det berre murane som viser kor husa i Tormodsbakken og bua i Tjørevikjo sto. Men sjølve stovehuset er teke vare på. Det kjøpte Mons Røsland "på rot" like før hundreårsskiftet, reiv det og sette det opp att i Bogsnesmarkjo. Der står det den dag i dag og er framleis i bruk om somrane, litt påbygd. "Mikkjelsstovo" seier folk enno, men det er visst få som veit kven namnet skriv seg frå.



*Mikkjels-stovo*

*Foto: L. D.*

**ATLE DØSSLAND:**

## *Litt om den tidlege lekmannsrørsla i Kvinnherad*

### **Verksemd og organisasjon på lokalplanet**

Ein kan seie at det har vore drive misjonsarbeid for indre og ytre misjon i Kvinnherad frå midten av 1800-talet.

Den fyrste foreninga for Norsk Misjonsselskap vart skipa alt i 1842. Dette var ei forening som femmde om heile Kvinnherad sokn. Men alt i 1844 skilde uskedølane seg ut i ei "Kvinnherred forening nr. 2." Ænes sokn hadde forening før 1851, og Husnes fekk si i 1852. I Ølve høyrer ein om forening frå 1860-åra\*, og på same tid vart Omvikdalen skild ut frå "Kvinnherred forening nr. 1." I Visitasprotokollen 1869 heiter det at der var ei misjonsforening i Kvinnherad, men at denne foreninga var delt i 4 avdelingar i hovudsoknet og ei i kvar av "anexsognene." (Visitasprotokollen for Nordre Søndhordland prosti 1869).

Desse foreningane arbeidde for Norsk Misjonsselskap, som på denne tid var einerådande når det galdt ytremisjonsarbeid.

Dei fyrste foreningane var truleg berre for menn, men i alle fall frå 1860-åra var det fleire stader både manns- og kvinneforeningar. Korleis den formelle organiseringa av laga gjekk føre seg, er vanskeleg å seie, men i og med at det var haugianarane som dominerte innanfor foreningane, er det grunn til å tru at det ikkje vart teke så altfor høgtideleg med årsmøte, val o.l. I Uskedalen hadde dei i alle høve verken fast medlemskontingent eller medlemslister. Bidraga til hovudorganisasjonen vart sende inn av ein mann, både for manns- og kvinneforeningane. Denne personen vart ofte kalla formann, og det verkar såleis som om kvinneforeningane nærmast var underavdelingar av mannsforeningane. I Uskedalen var Hans Døssland, Helge J. Feet og Jørgen Thunold "formenn" etter kvarandre frå 1860-åra og fram til 1900.

★I ei historisk sær oppgåve som Trude Skarvatun Naustdal har skrive om tippoldefar sin, Lars Scharvethun, «Skule-Lars», heiter det at første misjonsforeninga i Ølve vart skipa i 1847, og at det finst ei møtebok i Skarvatun-slekta frå skipingsåret og fram til 1864.

(Red.)

Misjonsmøte var det jamt over 4-6 av i året, helst om søndagen. Det var då bøn, song, lesing av søndagevangeliet og lesing av misjonsblad. Kvinneforeningane hadde møte mykje oftare, og verksemda på møta deira skilde seg nok ikkje vesentleg frå det vi kjenner til seinare. Det var fyrst og fremst arbeidsmøte. Dei hadde med seg arbeidsreiskapane heimanfrå: rokkar, kardar osv. Men dei var saman lengre tid enn det som vart vanleg seinare, ofte heile dagen etter det Johannes Lavik skriv. Den gongen laga dei også ting som vart sendt direkte til misjonsmarka til bruk for misjonærfamiliane eller dei innfødde. Også misjonsskuleelevane i Stavanger fekk kleplagg frå kvinneforeningane. Qvindherreds kvindeforening nr. 1 hadde i 1869 sendt "Til misjonærenes utstyr": "6 Mandskjorter, 6 Lerretslommetørklær, 6 Par Mandsummerbeenklæder, 2 Par broderede Sæler, 1 Par Uldstrømper." (Utskrift frå rekneskapen til N.M.S.'s hovudkontor i Stavanger 1869).

Både på kvinne- og mannsforeningsmøte vart det dessutan ofra pengar til misjonen. Ein del pengar kom også inn som gåver frå bygdefolk. Basarar og liknande tilstellingar var ikkje vanleg så tidleg. Dei tok også opp ymse arbeidsformer som gav høve til å yte i naturalia til misjonen. Det fanst t.d. både «misjonssauer» og «misjonshøns» kringom på gardane.

I byrjinga var det nok fyrst og fremst haugianske lekmenn som stod bak arbeidet. Det var såleis Samson T. Stueland, ein kjend haugianar, som fekk i gang den fyrste foreninga i 1842. Men i 1867 uttrykkjer "missionsvennerne" i Kvinnherad glede fordi prost Bessesen i Rosendal hadde stilt seg i spissen for ei forening.

«Hvilket stopped Munden paa ikke Missionsvenner der ikke holt Missionsarbeidet for andet enn Lægmands-virksomhet». (Nedskrive av Torkjell Naterstad i krinsarkivet til N.M.S.)

Seinare var det vanleg at både presten og prestefrua tok del i misjonsarbeidet, oftast som formenn.

Arbeidet for ytre misjon var før 1890 for det meste knytt til Norsk Misjonselskap ("gamlemisjonen"), men eitt og same lag kunne arbeide for fleire misjonsgreiner samstundes. Om Husnes Missionsforening, som vart skipa i 1852, heiter det såleis at "Gamlemisjonen har vore hjartebarnet heile tida, men like visst er det at Lars Røyrvik og Hans Gravidal (den 2. og 3. formannen) ikkje let indremisjonsarbeidet vere ei sidesak. Seinare arbeidde foreningen også for Samskipnaden, Israelsmisjonen og Santalmisjonen attåt Misjonsselskapet." (Svarskriv frå Sunde til Alfred Hamre - kjeldematerial til "Haugiansk Frukt").

I lovene for Ølve Missionsforening (for N.M.S.) frå 1877 står det i paragraf 8:

**”Efter Bestyrelsens nærmere Bestemmelse afholdes et eller flere Møder, i hvilke Indsamling for den Indre Mission foretages.”**

Indremisjonslag vart skipa i Omvikdalen og Uskedalen i 1864, men dette var ikkje særleg fast organiserte lag. ”Nogle faa tegnet sig som medlemmer og for bidrag». Det er ikkje nemt noko om lover og val, og det vart ikkje ført protokollar. Og om ein av dei eldre leiarane i Uskedalen, Knut Myklebust, heiter det:

**”I kraft av dei åndelege og naturlige givnadane sine, var det ikkje vanskeleg for dei truande å samle seg om han. Og det er mykje truleg at Knut sjølv fann fram til medarbeidarane sine.” (“Haugiansk Frukt” s. 243)**

Særleg fast møteskipnad var det nok ikkje heller. To av dei leiande indremisjonsfolka i Uskedalen, Tormod Myklebust og Helge Feet, budde på kvar si side av elva. Når det lukkast å få til samling, la Tormod ut ein kvit duk, anten på smietaket eller på bakken bortmed løa. Då visste Helge at no skulle det vera møte, og så var det til å senda borna rundt om på gardane med bod om det. På andre sida av elva hadde Tormod ansvaret for at folk fekk vita om det. (“Haugiansk Frukt” s. 245) Nokolunde tilsvarende var truleg tilhøva andre stader. Indremisjonsarbeidet gjekk altså i røynda enno stort sett etter haugiansk mønster. Det var veneflokkar med ein sjølvskrivne ”ældste” som leiar, med streng tukst seg imellom, men utan skrivne reglar og medlemsliste.

Først i 1914 vart indremisjonslaget i Omvikdalen fast organisert med lover, styre og årsmøte, og laget i Uskedalen vart ”oppfriska” i 1915. Elles var det nok vanleg at ytremisjonslaga også tok seg av det ein kan kalla indremisjonsarbeid heilt til eigne indremisjonslag vart skipa, slik som på Husnes.

Om sjølve møteforma står det referert i ein protokoll frå Sunde 1949 etter Halvard Gravdal:

**”Han mintest faren (Hans Gravdal) fortalde når han hadde vore på stovemøte kringom på gardane. Dei hadde ikkje noko lange taler, men dei les or tekstbøkene ein ”betraktning for dagen”, og så var det ein av brødrene som slutta møtet med bøn. Men her hadde dei verkeleg Gudsdyrking og fann fram til samfunnet med Gud og med kvarandre. Dei hadde også ein del møte på skulehuslemen og på gamle Tingstova på Sunde.”**

Ein annan stad heiter det:

**”Dei samlast rundt om i heimane, og vart stova for lita, så hende det at dei tok opp nokre bord i lemsgolv, for det var some som hadde lause bord i taket den tida.**

**Så kunne ein høyre like godt på lemen som nede i stova.”**

(svarskriv til Alfred Hamre).

Forfatternen Jens Tvedt har i ei scene i ”Haavard Britannius” 1908 eit slikt stovemøte i Omvikdalen som ramme kring handlinga.

Her er berre teke med utdrag:

**”Haavard Britannius fylgde straumen og kom seg innfyrdøri. Der vart han standande og skoda etter eit høvelegt sæte. Han vil ikkje innar imillom dei ”utvalde”, men helst ikkje attanum alle ryggjerne helder..... Me ska i Jessu namn syngja eit vers elder tvo - segjer eit maal innar med borde. Det er Brig-Ola som skal styra det i kveld.....**

**Upp med borde ris Mons Floti upp, styd seg attaat veggen og hektar henderne under barkekyle. Han vender aasyni mot toka men blinder att augo og held med syngjande mæle ei lang bøn: Han vil lova og takka. - Men eg veit ikkje kven eg skal takka. Skal eg takka dig Gud fader vaar skaber? Elder skal eg takka dig herre Jesus som har toet vaare klæder i lammets hellige blod og nagla deg sjølv paa korset for at vi skulde undflyve den evige pine og anama det evige liv? Elder skal eg takka deg, Gud den helligaand? - du som kalder, forsamler og heliggjør, og mættar og bespissar oss med livsens sande manna paa vaar tornefulde vandring i denne syndens jammerdal. Nei eg veit rett ikkje kven av dykk eg skal takka. Og derfor so vil eg takka dykk alle tri. ---**

**Brig-Ola gav seg i det same til aa lese ein teig i testamente. Aasa sat og saag paa Brig-Ola med’ han las, og la øyre til, for han las so ringt at ein laut lyda vel etter, skulde ein faa godt av det. Attimellom hende det at han baade tokna og stava, fyrr han fekk ordi fram.....**

**Ammen! så Brig-Ola. Daa var han ferdig baade med talen og etterpaa-bøni.....**

**Det vart sunge ein salme til, og bede ei bøn. Og den som gjorde bøni, han hadde ikkje fyrr vore uppe i samlingarna..... Etter bøni nemnde Brig-Ola ein salme til. Daa den var til endes sunge, sa Mons Floti nokre maningsord og takka fyr samværa og all den naade som hadde ”vederfores oss i denne aftenstund.” Og so tok folk til aa rekkja ut.”**

Sjølv om Tvedt nok har falle for freistinga til å parodierte litt, er det ingen grunn til å tvile på at denne skildringa gjev eit litande bilete av eit husmøte på den tida.

Folk flest var nok ofte på "oppbyggelsesmøte" rundt om på gardane. Det var stort sett den einaste forma for møteverksemd i bygdene der alle hadde tilgjenge. Og ikkje alle som frå tid til anna gjekk på møte, vart av den grunn rekna til "lesarflokken". Særleg når det kom reisande emis-særar kunne mest heile bygda møte opp. Dette gav sjølvsgt lekmanns-rørsla ein eineståande posisjon i det innestengde bygdemiljøet.

### **Søndhordland, Hardanger og Voss Fællesforening.**

Tanken om fast organisert lagsarbeid hadde lenge vekt motvilje mellom det haugianske lekfolket i Hordaland, som andre stader. Men også her skjedde det ei viss nytenking. Den fyrste store lekmannsleiaren i Kvinnherad, Samson T. Stueland, hadde vore med på skipinga av Norsk Misjonsselskap i Stavanger. Seinare hadde han lese om "Skien Forening for den indre Mission" som presten Gustav Adolph Lammers hadde fått i gang i 1853. Han skreiv til styret og fekk opplysningar om lovene og arbeidet. På møta og ved brevskrivning arbeidde han så for å få skipa ei såkalla fellesforening for indremisjon som skulle dekke eit større område. Etter ein god del førearbeid vart så "Søndhordland, Hardanger og Voss Fællesforening for indre Mission" skipa i Uskadalen i 1864. (Seinare vart namnet endra til Sunnhordland, Hardanger og Voss Indremisjonssamskipnad, og foreninga vert vanlegvis kalla berre "Samskipnaden"). Ein del "vener" i Ølen stilte seg noko skeptisk til tanken, særleg til at emis-særane skulle reisa rundt med fast løn, men elles ser det ut til at tiltaket har møtt velvilje. Det er tydeleg at Samson T. Stueland har hatt ein sterk posisjon mellom lekfolket i området, og dette kan vere ein sterkare grunn for at Samskipnaden kom i gang enn oppgløding for sjølve organisasjons-tanken. Det ein slik mann ville, måtte vel vere rett. Stueland vart då også den sjølvskrivne formannen, og styret elles vart samansett av dei næraste venene hans. Heile styret på 9 mann var frå Kvinnherad, dei fleste frå Omvikdalen (der Stueland sjølv høyrde heime), nokre frå Uskedalen og ein, son til Stueland, Jens, var busett i Ølve. Heilt fram til etter hundre-årsskiftet var storparten av styremedlemene frå Kvinnherad.

Når den "uhøyrde" tanken om å organisera indremisjonsarbeidet vann fram, var det nok også fordi Samskipnaden i realiteten ikkje trong føre til større endringar i lekmannsverksemda på det lokale planet. Både enkeltpersonar og lag kunne stå som medlemmer. Rett nok heiter det i paragraf 4:

**"I de menigheter, hvor, som følge av kristelig omsorg for næsten flere slutter sig til den indre missions virksomhet, dannes foreninger som velger egen bestyrelse, der varetar foreningens tarv, samt bistaar fæl-**

**lesforeningens bestyrelse med raad og veiledning i alt der ansees at tjene til sakens fremme.»**

Å avgjere når og korleis ei slik organisering skal skje er altså heilt overlate til lekfolket i kvar bygd, og vi veit at dei to laga som Stueland sjølv fekk i gang i Omvikdalen og Uskedalen, knapt nok fungerte stort annleis enn dei gamle venesamfunna. I formuleringa ligg også tydeleg at Samskipnaden ikkje skal stå fram som eit overformynderi for dei enkelte laga eller personane, men heller stå til teneste og søke råd hos dei. På si vis fungerte vel Samskipnaden som ein propagandasentral for fastare organisering av indremisjonsarbeidet også, men ikkje for ei slik organisasjonsform som den vi kjenner i dag.

Det heiter elles i paragraf 1 at "Fællesforeningen har til formaal at vekke og nære et sandt kristelig liv i vort kirkelige samfunn."

I paragraf 2:

**"De midler hvorved foreningen vil søke att virke til sit formaal, er foruten ved eksempel og formaning, ved utsendinger at utbrede den hellige skrift og andre til hensigten svarende smaaskrifter, som nøie prøves efter den enkelte saaledes, som det av den evangeliske kirke blir trodd, bekjent og forkynt i verden, i den skikkelse hvori det for dem kan bli mest nyttig til lærdom, overbevisning, rettelse og optugtelse i retfærdighet."**

Ein legg her merke til eit sterkt haugiansk prinsipp om å halda seg til kyrkja og passa nøye på at den rette lutherske læra vert forkynt. Endå sterkare vart den haugianske linja understreka i 1869 då "Hans Nielsen Hauges Testamente til sine Venner" vart samrøystes "anbefalt som forholdsregler inden de troendes menigheter indbyrdes.»

Her er m.a. understreka sann brodertukt, samhald og kjærleik innanfor venesamfunna. Og om kyrkja heiter det:

**«Thi er min siste Vilje, at I her efter som forhen ganske ene holder Eder til vors Stats Religion, saa I modtager af de offentlige Lærere alt hvad det offentlige Embede medfører. I gaar da i Kirken, anamar Sakramenterne, ved Ægteskab gjør dem Vielsen, samt ved Dødsfald lordpaakastelse og alt andet der hører til god Aarden.»**

(Ein legg merke til at Samskipnaden ikkje bestemte, men "anbefalte" at dei i laga skulle følgje desse retningslinjene).

Emissærane for Samskipnaden verka dels som kolportørar (spreidde skrifter), eller dei verka ved samtale med den enkelte, husbesøk eller

oppbyggingsmøte. Emissærane skulle møte hos presten når dei kom til ein ny stad. Her skulle dei vise fram bøkene og instruksane sine, og presten hadde også rett til å sjå dagboka som emissæren førte. Og emissærane skulle "motta med takknemmelighet den hjelp og veiledning, som presten maatte gi dem i sakens interesse." Elles skulle dei "avholde sig fra alt, der kan lede til splittelse, sky partivæsen og unyttige spørsmål."

I 1869 kjøpte styret inn desse skriftene som emissærane skulle dele ut: 200 nytestamente og 8 "smaastilte bibler", 44 Røsenius' "De ti bud" og 190 "H.N. Hauges testamente til sine venner." ("Haugiansk Frukt" s. 38 og Heggveit: "Den Norske Kirke i det nittende Aarhundre" s. 179).

Det kjem klart fram at Samskipnaden prøvde å markere ei kyrkjevenleg linje og gjorde mykje for å unngå vanskar i tilhøvet til prestane. Likevel kunne dei ikkje godta Luther-stiftelsen og Gisle Johnsons "nødprinsipp" (\*). Då Gisle Johnson oppmoda gamle Samson Stueland om å lata Samskipnaden slutte seg til Lutherstiftelsen, vart dette bestemt avvist. Den direkte linja frå H. N. Hauges rørsle til Samskipnaden er nokså klar. Dei Johnsonske vekkingane hadde etter måten lite å seie på desse kantane. «Tenkjer vi på den historiske bakgrunnen for Samskipnaden, toler ikkje Johnson-vekkinga å samaliknast med haugerørsla. Det haugianske innslaget er så mykje, mykje sterkare», skriv Alfred Hamre.

★) **Sjå artikkelen om S. T. Stueland side 51.**

Det som mest gjorde Samskipnaden kjend i landet, var utan tvil dei store årsmøta. Desse er påbydd i lova, paragraf 5, og kom etter kvart til å bli store folkefestar med opptil 10000 menneske samla. Her vart også styret valt av utsendingar frå dei ulike bygdene. Lars Oftedal var møteleiar frå starten og i mange år frametter, og markerte såleis sin sterke posisjon også i desse bygdene.

### **Lekfolket i bygdemiljøet. Haugianisme/Rosenianisme**

Dei gamle misjonsfolka i bygda forkynte nok ei streng lære og prøvde å leve etter denne. Ein var ikkje retteleg omvend før ein hadde stridd lenge mot synda og prøvd å leve eit heilagt liv.

**"Ei kvinne frå Nes hadde kome i vanskar med å få si sak oppgjord med Gud. Ho tok ein tur til Stuelands-mennene, og vilde få ein samtale med dei um sitt Gudsforhold.**

**Då dei hadde høyrte av henne kva ho hadde å fortelje um si søkjing og lengting etter Gud, so fekk ho det svaret at ho hadde arbeidd for lite endå.**

**”Du må gå endå ei tid fyrr du vert budd so me kan be i hop med deg.”  
Og ho måtte gå heim att den lange vegen (omlag 1 mil) vonbroti og nedstemt.”**

(Nedskrive av Ragnvald Guddal etter Marie Skåle).

Dei levde under «lova» og stilte harde krav både til seg sjølv og andre. J. Ripel gjev dei dette vitnemålet i 25-årsskriftet for Omvikdalen Ungdomslag (1913):

**”Paa det andelege umkverve var det pietisma som rådde grunnen aaleine. Det var ei trongsynt gudstru med fordøming av alt som hørde jordlivet til og der myrkemakterne og helheimen hadde breidaste romet. Aldrig samlast ungdomen til leik og gaman. Hardingsfela og dansen var fordømd verre enn bedrag og stulder.”**

Sameleis har Jens Tvedt funne grunn til å ta fram mørke fargetonar ved skildring av lekmannsrørsla i bygda på denne tida i fleire av bøkene sine.

Sikkert er det i alle fall at sjølv om religionen og livsførsla var streng, hadde dei likevel sans for det praktiske og følgde med på det nye som skjedde omkring dei. Dette var for så vidt også typisk for den haugianske tradisjonen. Ein stor fordel hadde dei den gongen i og med at dei kunne lesa og skrive, for slike kunnskapar var det nok heller skralt med elles mellom folket. Fleire av haugianarane vart såleis av dei fremste menn i bygda. I så måte var Samson T. Stueland typisk. Han var ei tid omgangsskulelærer, kom med i kommunalt styre og stell og var i perioden 1836-37 stortingsmann, og slutta seg til den Uelandske flokken. Han vart ikkje vald oppatt fordi han arbeidde for å få bort brennevinet frå kyrkjebakken og frå kyrkja i bryllaup. Han vart også den første bondeordføraren i Kvinnherad i 1852, var med i mange nemnder og fekk i stand mange praktiske tiltak, t.d. Kvinnherad Sparebank og landbruksskule. Han var elles ein flink smed og målar og ein dyktig bonde. (Arne Stuland: ”Soga um ætti frå garden Stuland”.)

Klokkar Hans H. Helland var ”åndeleg leiar” i Rosendal. Han var ordførar 1858-61 og 1868-69.

Den første ”åndelege leiaren” på Husnes, Haldor P. Helland, var omgangsskulelærer, klokkar, varaordførar 1848-49 og stortingsmann 1851-54. Erik Stueiand var lærar, bonde (den første som brukte mjølkekjølingsmetoden med brunn til mjølkespanna) og svært aktiv i kommunalt styre og stell. Emissær Andreas Lavik var aktiv på så mange måtar og var ordførar 1888-93 og stortingsmann 1888-90. Og mange fleire kunne nemnast.

I Kvinnherad Folkeforening (Bondevennforening), stifta i 1870, var halvparten av leiarane aktive innanfor veneflokken. Dette vitnar ikkje berre om at fleire av de fremste lekfolka var dugande og framstegsvenlege folk, men også at bygdefolket jamt over hadde stor tillit til dei og såg på dei som gode representantar for deira interesser og meiningar.

Mot slutten av 1800-talet kom lysare tonar inn i lekmannsforkynninga. Dette kom i stor grad av påverknad frå den svenska forkynnaren C. D. Rosenius (1816-68). Det vart lagt meir vekt på det evangeliske: "Jesus har sona for syndene dine, så du kan kome slik som du er." Det viktigaste vart såleis å tru og ta imot evangeliet. Den strenge lov-kristendomen med sitt pietetiske livssyn kom meir i bakgrunnen. Desse nye tonane var merkande alt hos Lars Oftedal, men Jakob Traasdal (1838-1903) som leidde årsmøta i Samskipnaden 13 gonger i åra 1883-1903, vart av mange rekna for sjølvaste personifikasjonen av rosenianismen i Noreg den tida. Formannen i Samskipnaden etter Samsom T. Stuelend, Tormod Myklebust frå Uskedalen, var god ven med Traasdal og vart sterkt påverka av hans syn. På eit årsmøte i 1883 sa han:

**"Det er ikke godt at lægge formegen Vægt paa denne Side af Sagen, nemlig om Syndernes egen Gjerning for at blive retferdiggjort. Kristus har frikjøbt os fra Lovens Forbandelse, jeg er fri. Tager vi enfoldigt mot dette budskap, da faar vi det uden kundskab."**  
(Haugiansk Frukt s. 47).

At dette vart rekna for eit stort omskifte, viser eit sjetat frå 50-års-skriftet til Samskipnaden om svigermor til Tormod Myklebust:

**"Hun var en begavet, varmhjertet og efterpaa et langt trællev under loven - en frigjort og meget virksom kvinde."**  
(50-årsskriftet s. 59)

Det er klart at ikkje alle hadde så lett for å godta dette nye synet, og særleg stilte fleire av dei eldre seg skeptiske. Både det haugianske og det rosenianske synet levde nok lenge side om side i lekmannskrinsar i Kvinnherad og dei andre bygdene omkring.

**"Likevel kan vi seie at den rosenianske forkynninga kom inn i Samskipnaden ved Tormod Myklebust og Jakob Traasdal og gjekk i hop med den haugianske. Dette var ikkje tap, men vinning, for i baa desse rørslene låg det stor åndsarv til komande ætter,"**

skriv Alfred Hamre. Også dei utanforståande kunne nok merke omskiftet tydeleg, og J. Ripel finn i 25-årsskriftet for Omvikdalen Ungdomslag 1913 grunn til å seie:

**Naar me ser paa bygdi i dag og minnest kor det var fyr 25 aar sidan, so lyt alle vedgaa, at her er mykje gjort. Her er ljosare i dag, baade aandelig og materielt.**

**Her er meir tru paa at dalen kan føda og klæda oss, og ein fær lov til aa heita menneskje sjølv um ein skulde koma til aa røra strengjene paa ei fela.”**

Ripel set altså dette i samband med arbeidet til ungdomslaget, men det kan ikkje vere heile forklaringa.

Artikkelen er med løyve frå forfattaren henta utor hovudfagoppgåva hans til embetseksamen: «Den organiserte lekmannsrørsla i eit vest-norsk bygdesamfunn frå omkring 1890-1945. Ei gransking frå Kvinnherad kommune.» Avhandlinga er ikkje prenta enno, men det finst eit hektografert eksemplar av ho i Kvinnherad folkebibliotek og eitt i biblioteket til Kvinnherad vidaregåande skule.

# *Eit «andragende» frå året 1848.*

## **Qvindherreds Præstegjelds Skolecommission**

Da det er bekjendt at den ærede Skolecommission, den 1te November førstkommende, vil faa under Behandling Spørgsmaalet: huilken Lærebog der for Eftertiden skal blive afbenyttet ved Religionsundervisningen her i Præstegjeldet, saa er det Undertegnede ærbødigst fremkommer med efterstaaende Andragende:

Det vil vist være den ærede Commission; og især vore velærværdige Præster bekjendt, at Størstedelen af Hovedsognets Almue, nemlig Hatlestranden, Løvfaldsstranden, Snilstvedtøen, Omvigdalen og Uskedalen for omtrent 2 Aar siden indsændte et Andragende til Skolecommissionen om at Almuen ønskede at faa beholde den gamle dobbelte Pontoppidans Forklaring, og tillige den Lille Luthers Catekismus som nu længst uforandret har været i Brug iblandt Almuen, til Lærebog for sig og sine Børn; og saavidt erindres vare lignende Andragende samtidig indkomne fra Ølve og Huusnæs. Idet vi baade for vor egen Deel og Fleres (da mange af Præstegjeldets Almue har instændigt bedet os om at erindre Commissionen om ovennævnte Andragende) henholder os i Et og Alt til sidstnævnte Andragende, saa skal vi blot faa tilføie: at Indholden af de gamle Bøger ere saa at sige indsuede med Modermelken, da ere blevne Almuen saa inderlig kjære, da de i Et og Alt lærer den rene, sande og uforfalskede Christendom, og den eneste Vei paa hvilken man kan finde Saligheden, for Enhver som vil vandre derpaa; ogsaa har da disse gamle Bøger dette gode med sig at det falder baade Foreldre og Andre langt lettere at Undervise de Unge i disse, imod naar nyere Forandringer skulde indføres vilde det da falde langt tungere og spille meget mere Tid for den trællende Almue, der i Almindelighed ellers har meget travelt, og overalt vil den nye Forandring virke meget skadelig for den Unge der nu har øvet sig lidt i de gamle, og skal de nu ombytte med nyere, da vil det virke forstyrrende paa deres simple Kundskab, saa de snart tilsidst ikke kan gjøre Reede enten for det Ene eller for det Andet.

Det synes overalt ikke være at anbefale, med Tvang at indføre en nye Lærebog der har saa stor Oppinion imod sig som den omarbejdede endskjønt Undertegnede ikke ere tilbøielig at lade sig vildlede hverken af det ene eller andet Parti, der har ytret sig baade for og imod Bogen (thi det synes at de har drevet det vel vidt på begge sider) saa ere vi dog efter modent Overlæg komne til det Resultat at med al Ærbødighed og Respect baade for Bogens Fortattere og for Alt det skønne og sande den end indeholder, kan vi dog ikke uden Indskrænkning beqvenne os til at antage den, da den fremfor alt indeholder Stoff til et Thema, der lige fra Fortiden af, til vore Dage, stedse har været et Tvi dstens Æble og stor Tvivl underkastet selv iblandt de største og mest anseete Theologer; og nu at indføre

saadant i en Lærebog for Børn, hvor Alt burde være saa tydeligt og enfoldig forklaret som det nogensinde lod sig gjøre, da synes saadant efter vor simple Forstand, ikke at havde været tilraadelig allerhelst at Tvidstpunktet ikke synes at vinde mange Grunde for sig i den Hellige Skrift. Derimod er den gamle Pontoppidans Forklaring lige fra dens første Tilværelse, prøvet og stedse af sande Christne funden fri for Gift, da den i Et og Alt fremstiller den reneste og ægte Christendom, tilfulde grundét i det guddommelige Aabenbarings Ord.

Da nu denne gamle kjære Bog ved Kongelig Resolution af 22de Februar 1840, samt ved Kirkedepartementets Cirkulaire av 2den April 1846, paa nye er tilladt almindeligt afbenyttet ved Religionsundervisningen, saa troor vi at vi med desmere Føie bør kunne udbede os af den ærede Skolecommission at faa beholde vore gamle Lærebøger.

Hvad der med hensyn til den Ungdom som til Foraaret ventes indskrevne til Confirmation burde være tjenligst og mindst skadeligt, da efterdi at Almuen har til denne Tid været i den største Vildreede, hvilke Bøger de helst skulde lade sine Børn læse i, og des Aarsag har nogle læst i denne snart Andre i hiin Lærebog, saa ansees det høist fornødent at de som før dette Aar har begyndt at forberæde sig til Indskrivning, tillades at lære fremdeles i de Bøger de har begyndt i.

I Henhold til Ovenstaaende tillader Undertegnede sig at foreslaa for den ærede Skolecommission at fatte saadan Beslutning:

At for Eftertiden bliver Pontoppidans store Forklaring samt Luthers lille Catechismus som længst har været i Brug iblandt Almuen, at afbenytte som Lærebøger ved Religionsunderviisningen i Præstegjældet. Det tillades den Ungdom som i det kommende Aar skal forberedes til Confirmation, at benytte den Bog de har begyndt lære i, ogsaa under deres Forberedelse til Confirmation.


Stueland den 30te October 1848.  
Johannes Johannessen Hjelmeland  
Kiettel Gundersen Hjelmeland  
Lars Larssen Hjelmeland.

Ærbødigst

S. T. Stueland

Die erste Aufgabe ist die Bestimmung der  
 Grundgesamtheit der Beobachtungen.  
 Diese ist die Menge aller Individuen,  
 die den Merkmalen ausgesetzt sind.  
 Die zweite Aufgabe ist die Bestimmung  
 der Merkmale, die auf den Beobachteten  
 zutreffen. Diese sind die Eigenschaften,  
 die die Beobachteten auszeichnen.  
 Die dritte Aufgabe ist die Bestimmung  
 der Beobachtungswerte. Diese sind die  
 Ausprägungen der Merkmale.  
 Die vierte Aufgabe ist die Bestimmung  
 der Beobachtungswerte. Diese sind die  
 Ausprägungen der Merkmale.  
 Die fünfte Aufgabe ist die Bestimmung  
 der Beobachtungswerte. Diese sind die  
 Ausprägungen der Merkmale.  
 Die sechste Aufgabe ist die Bestimmung  
 der Beobachtungswerte. Diese sind die  
 Ausprägungen der Merkmale.  
 Die siebte Aufgabe ist die Bestimmung  
 der Beobachtungswerte. Diese sind die  
 Ausprägungen der Merkmale.  
 Die achte Aufgabe ist die Bestimmung  
 der Beobachtungswerte. Diese sind die  
 Ausprägungen der Merkmale.  
 Die neunte Aufgabe ist die Bestimmung  
 der Beobachtungswerte. Diese sind die  
 Ausprägungen der Merkmale.  
 Die zehnte Aufgabe ist die Bestimmung  
 der Beobachtungswerte. Diese sind die  
 Ausprägungen der Merkmale.

Die Grundgesamtheit der Beobachtungen ist die Menge aller Individuen, die den Merkmalen ausgesetzt sind.



”Høistærere Skolecommision”

og at i disse storske Mødelser, som de Bøger de fulde stille lade  
sine Bøger læse i, og der tænke sig som. Men læse i disse Bøger  
Anden i sine egne Bøger, som ogsaa det første forordet i de første  
forordet som begynder at forberede sig til et udførelse, tillader  
at leve fremdeles i de Bøger de som begynder i. —

Et ganske til Dyrskende tillader Studiet og sig at  
forstaa for den gode. Udelukkelse for det første som den  
Befordring.

Det som eftertiden bliver forordet som de Bøger,  
sine, som i disse Bøger, som de første som læse som  
sind i Bøger i Bøger i Bøger, som de første som  
Bøger som de første som de første som de første som

Det tillader den Bøger som i det Bøger som  
sind forordet til Bøger som, at Bøger som Bøger  
de som Bøger som, og som Bøger som Bøger  
til Bøger som.

Et Bøger


Stieland, den 30<sup>te</sup> October 1848. (Stieland)  
Johannes Johansen Stieland  
Kjærlig hilsener Stieland  
Søren Larsen Stieland

# ''*Almuen inderlig kjær*'' - eller ''*Pint under Pontoppidan*''?

## **Om Luthers katekisme og forklåringane til denne.**

Alt før reformasjonen fanst det handskrifter med fadervåret, Ave Maria, bodorda, sakramenta m.m., meinte som støtte for prestar og deknar (klokkarar). Men det var først frå Luthers tid det vart stilt krav om at folk skulle ha eit minstemål av kunnskapar i kristendommen. Eit reskript i året 1645 frå den dansk-norske kongen forbaud prestane å trulova unge folk før dei kunne gjera greie for sin «barnelærdom». Bergensbispen Erik Pontoppidan forsvarte eit hundre år seinare det nemnde reskriptet og gav døme på kor effektivt det kunne vera: Ei ung jente som kom til presten og ville trulova seg, vart spurd om ho kunne katekisma. Ho sa at den kunne ho ikkje læra på tjue år. «Så må også trolovelsen utstå i tyve år», svarta presten. Då lærte jenta katekisma på ti dagar!

Katekisma ja -. Men det var alt på 1600-talet utgjeve fleire forklåringar til Luthers katekisme både i Danmark og Noreg, og dei var det ikkje råd å læra på ti dagar for giftesjuke ungdommar, same kor forlokkande boktitlane og kunne vera. Me har t.d. Totenpresten Knud Sevaldsson Bang si forklåring frå 1681 med den svulstige tittelen i barokkstil: «Dend søde oc velsmagende Catechismi Bryst-Melck, uddragen aff de tvende Guds Kierligheds Bryste, det gamle oc det nye Testamente», - ei bok som totningane laut slita med i over hundre år, men knapt nok måtte læra utanåt. Førestellinga om at Gud Fader også måtte vera eit slags hokjønn (og kvifor ikkje?), har nok ikkje vore geografisk avgrensa til Toten, for 13 år seinare i 1694, gav den danske presten M.P. Rostoch ut ei forklåring med den klabne tittelen: «Den enfoldige Børnelærdoms usvigelige Melck for enfoldige Børne-Christne». Og denne skulle ikkje berre vera ei handbok for prestar og deknar, men lese- og lærebok for born og ungdom. Så kom den tyske pietismen brytande inn over Norden først på 1700-talet, med langt strengare krav om kristendomskunnskap og ei kristeleg livsførsle. Tohundreårsjubileet for Luthers reformasjon vart markert med loven om konfirmasjon, i 1736, og hoffprest, seinare bisp i Bergen, Erik Pontoppidan vart pålagt av kong Kristian den 6. å arbeida ut ei høveleg lærebok for konfirmantførebuinga. Boka kom ut alt i 1737 og bar tittelen:



Til vanleg vart ho nemnd med forfattaren sitt namn,  
PONTOPPIDANS FORKLARING.

Ho inneheldt 759 spørsmål og svar, og var utarbeidd med tyskaren Spener si katekisme frå 1677 til mønster. Den hadde heile 1283 spørsmål og svar. I 1771 kom det ei forkorta Pontoppidans forklåring med «berre» 541 spørsmål og svar. Mange heldt likevel på den opphavelege, den «dobbelte Pontoppidan», som synest ha fått ny vind i segla ved den haugianske «ny-pietistiske» vekkinga i første halvparten av 1800-talet.

Kor «eenfoldig» (d.v.s. enkel, lettlærd) var så denne forklåringa? Pontoppidan sjølv meinte han var rimeleg i sine krav, og i «Erindring (påminning) til Skole-Mesterne» syner han stor forståing for at ein ikkje kan krevja at «de tungnemmede, og de med alt for liden Skole-Gangs-Tiid forsynede Børn» skal læra rubb og stubb. Difor har han forsynt boka med loddrett strek i margin for å merkja ut det tyngste stoffet, som likevel bør lærast av «de, der ey har Mangel på Tiid og Næmme» (lære-evner). Kor vidt desse kan kjenna seg tryggare på «at blive salig» enn dei tungnemme, det seier ikkje boka noko om, endå tanken er streifa i forordet: «Den Troskab, mange meget Eenfoldige vise i at vandre efter det lidet Lys, de har, lader os vist slutte, at deres Vandring var endnu langt bedre, hvis deres Indsigt i Sandheden var fuldkomnere».

Dei første spørsmåla i boka skal då heller ikkje skremma nokon, dei er for alle, og svara er gjevne i spørsmåla - «leiande spørsmål», som pedagogane og dei rettslærde seier no. (Sjå fotokopi).

## Indgang.

1. **N**iere Barn, vil du ikke gjerne være lykkelig paa Jorden og salig i Himmelen?  
Jo, kunde jeg ikke blive det.
2. Vil du da vel gaae den Vey, som fører dig til dette Maal?  
Ja, dersom jeg kan finde det.
3. Troer du ikke, der er en Gud til?  
Jo, thi Verden kan umuelig have skabt sig selv, men maaske have en Aarsag ældre og høiere end alle Ting, hvilket evige Væsen kaldes Gud.
4. Troer du ikke, Gud raader for Saligheden?  
Jo visselig, thi han er over alle Ting.
5. Troer du ikke, at denne Gud under dig Saligheden?  
Jo, thi han er en god Gud.
6. Mon Gud da ikke vil vise dig Saligheden?  
Jo, det kan ikke seyle.
7. Hvorved viser Gud dig og mig denne Salighed?  
Ved sit Ord.
8. Har vi da dette Guds Ord iblandt os?  
Ja, i den Hellige Skrift, som kaldes Bibelen.
9. Har Verden altid haft Guds Ord?  
Ja, ved umiddelbare Aabenbaringer og

Men det tetnar snart til med teologi som går høgt over hovudet på både «lett- og tungnemme», og som det berre er ei råd meid: å nipugga. Og så er det sjølve språket då, som - iallfall for norske born - måtte setja opp uoverstigelege stenglser for «Innsigt i Sandheden»: «Forbandet er den Mand, som forlader sig på Mennisket, og holder Kiød for sin Arm, og hvis Hierte viger fra Herren». (Jer.17,5). Dei reine kunnskapskrava var heller ikkje små. Dei skarpe av lesarane våre kan berre prøva seg: «23. Lad mig høre om du veed i Stykkevis, hvad for Bøger der henhøre til det gamle Testamente?» - - «24. Mig synes, her fattes nogle, som jeg dog finder i min Bibel, saasom Tobias og Judiths Bog, Viisdommens Bog, Syrachs Bog, Baruchs Bog, De korte Historier om Susanna og Dragen i Babylon, Maccabæernes Bøger og Manasse Bøn?» (Det var dei såkalla apokryfiske skriftene det her var sikta til). Nei, lett å læra? - Det fanst nok mange nokså «begavede» born og ungdommar som gret sine modige tårer over denne boka, og som i likskap med Anders Hovden lett kunne koma i skade for å mislesa seg og seia «pint under Pontoppidan» staden for «under Pilatus».

Pietistane var nidkjære i sine krav til kunnskap i kristendom, og me måtte igjennom ei «opplysningstid» med rasjonalisme (fornuftdyrking) og kritisk gjennomprøving også av «barnelærdommen» før det kunne bli noka lemping på krava. På 1800-talet var det fleire og fleire prestar som reiste eller målbar krav om nye lærebøker i kristendomskunnskap, som tok meir omsyn til kva born og ungdom hadde vilkår for å forstå og tileigna seg personleg. Somme meinte visst endå til at ungdommen skulle læra å tenkja sjølv! Dette førte m.a. til at kyrkjedepartementet i 1839 vende seg til tre lærde menn ved universitetet vårt og bad dei arbeida ut ei forenkla og meir lettskjøneleg utgåve av Pontoppidans forklåring. Desse tre var professorane Kaurin og Keyser og presten Wexels. Det var den siste som kom til å prega den forklåringa som dei fekk autorisert i 1843, og det var han som fekk ta det meste av kritikken.

Kva var det å kritisera ved den nye forklåringa, og frå kva kant kom kritikken?

Då må det først understrekast at Wilhelm Andreas Wexels var grundtvigianar og delte Grundtvigs syn m.a. på preste-embetet og sakramenta. Dette vert det ikkje plass til å koma grundigare inn på her. Verre var det at han hadde sitt eige syn på ei setning i andre artikkelen om trua: « - - for ned til Helvedet (Dødsriket)» Kva hadde Jesus å gjera der? Preika evangeliet for dei som ikkje hadde omvendt seg i dette livet, m.a. heidningane som aldri hadde høyrte «ordet», så dei og kunne snu om og vinna æveleg sæle.

Dette fekk haugianarane over heile landet til å rykkja ut: Altfor lettvinne frelsesveg! Wexels ville gjera vegen til himmelen brei. Ei slik lære ville føra til at mange leit på frelsa etter døden og tok det mindre alvorleg med omvendning her og no. Nei: «Veien heter smal, og porten kalles trang. Alvor

Ud tog  
af  
Dr. Erich Pontoppidans  
**Forklaring,**  
omarbejdet af en dertil naadigst nedsat  
Commissjon.

—  
Autoriseret Udgave. *Wexels  
forklaring*.

Trykt med Hjemmel af Kirke-Departementets Skrivelse af 5te Marts 1858.

—  
3. April 1859.

Gjennemseet af Provst Jacob Sveding.



Thronhjem, 1861.  
Sikfjods hos Ferdinand Kohler.  
Trykt hos J. D. Beher i Bergen.

må der til på sjelefrelsens gang». - Ei forklåringsbok som let det skina igjennom at ein kunne koma lettare ifrå det, den måtte ikkje inn i skulen, om boka kunne vera aldri så bra elles. - Særleg i tomteformann Olaus Nielsens private tidsskrift «Kirkelig Tidende» i Fredrikshald fekk Wexels

gjennomgå, og om haugianarane ikkje var så mange, så heldt dei godt saman. Jamt over var dei dugande, sjølvmedvitne og modige tale- og skriveføre menn som var respekterte på heimstadene sine, og meiningane deira hadde stor gjennomslagskraft.

Dette må me sjå som bakgrunn for det «andragendet» til skulekommisjonen i Kvinnherad som er attgjeve framanfor. Underskrivarane høyrde heime mellom haugianarane og lydde parolane som kom frå leiarane. Samsen Toresson Stueland, som har ført «andragendet» i pennen, var nok sjølv ein av leiarane på desse kantar, ein personlegdom som me tykkjer godt kan fortjena særskilt omtale i denne årboka.

Slike skriv til skulekommisjonane har vore vanlege i desse åra i alle bygder og byar i landet der det fanst haugianarar, og kyrkjedepartementet fann det klokast å fira på kravet sitt om at Wexels si forklåring skulle vera einerådande frå 1848 av. Ein resolusjon i 1852 gav løyve til å nytta også «den gamle Pontoppidan» til så lenge i breidd med andre godkjente forklåringar, og ho kom ut i nye opplag, sist i Stavanger så seint som i 1869 og i Kristiania i 1871. Ikkje mange år etter, i 1877, kom H. U. Sverdrup med sitt utdrag av Pontoppidan. Det var vel denne, og nye, nedskorne utdrag av den att, som slo mest igjennom på slutten av 1800-talet, til dess Klaveness kom til som ein sterk konkurrent med sitt meir frilynde kristensyn i 1893. Det er vel hans forklåring dei fleste kvinnheringar som gjekk i folkeskulen i første delen av dette hundreåret vart «oppseda» etter.

Den var det mogeleg å læra, men forsto me ho?

Kor lenge «den dobbelte Pontoppidan» var i bruk i skulen og ved konfirmantundervisninga i Kvinnherad, har det ikkje lukkast skriftstyret å få på det reine enno, så det får me koma attende til. Me vil berre her få skyta inn at det ikkje på nokon måte var ei ring bok Pontoppidan laga. Me vert slegne gong etter gong over kor fast ho er oppbygd og kor klårt han i grunnen får sagt ting. Hovudfeilen ved ho var vel det at ho var prega av den tids syn, at born er vaksne menneske i miniatyr.

**L. D.**

Til slutt vil me pynta opp med nokre fleire spørsmål til «Selv-Prøvelse»:

---

**Spørgsmål frå Pontoppidans  
«dobbelte Forklaring»**

13. Hvoraf kiender man, at just denne Skrift, som vi have, er det sande Guds Ord?
20. Kan man ey af egen blot naturlig Fornuft forstaae og udlegge Skriften til Saligheds Kundskab?
70. Kvorledes kan man bedrive Afguderie med den udvortes Guds-Tieneste?
80. Hvad er den sande Eenfoldighed?
102. Maa man nok forlade sig paa Gud, naar man styrter sig modvillig i Fare?
119. Tør man ey frygte for Hexer?
137. Hvormed vanhelliger man Hvile-Dagen?
162. Hvor mange Hoved-Stænder ere der til?

182. Maa et Barn vel gifte sig uden sine Forældres Villie og Samtykke?

216. Hvad er hoeragtige Geberder?

323. Ere Hedningernes og de u-gienfødte Christnes Bønner, Almisser og saadanne Øvelser ogsaa gode Gierninger?

335. Er den naturlige Kundskab som en Hedning kan have om Gud af Fornuften, Samvittigheden og Verdnes Skabelse, ikke nok til Salighed?

351. Hvad er det at skabe?

391. Kunde Gud dog ikke have forhindret Synde-Faldet?

460. Hvad er Christi Nedfart til Helvede?

(Wexels formår spørgsmålet slik:

329. Hvad forrettede Christus, da han nedfor til Helvede eller de Dødes Rige?)

517. Hvad forstaaes ved Kirken?

(Wexels spør:

404. Hvad forstaaes ved den christelige Kirke?)

## *Samson Toreson Stuland.*

var ingen kven-som-helst. Det var sikkert ikkje dei andre underskrivarane av "andragendet" 1848 til Skolecommissionen heller, men dei har me ikkje nokon tilgjengelege opplysningar om. Det har me derimot om S. T. Stuland. (Sjølv skreiv han Stueland etter den tids skrivemåte med stum e for å markera lang vokal framanfor). Viktigaste kjelda er vel "Soga um ætti frå garden Stuland i Kvinnherad" av soneson til Samson, Arne Stuland, han som m.a. sette saman den første Kvinnheradssoga.



Det meste av dei stutte opplysningane nedanfor er med løyve frå forfattaren plukka ut or ein artikkel Thor Myklebust har i "Sunnhordland Årbok 1981". Sjå denne, de som vil ha grundigare greie på S. T. Stuland. Me har før fortalt at han var ein velvørd haugianar. Men han var mykje anna og: skulemeister, farfattar, smed, rosemålar, snikkar, bokbindar, stortingsmann, varaordførar, ordførar, føregangsmann i misjonsarbeidet, dugande, framsynt bonde, bjørneskyttar. Men her er det **haugianaren** som interesserer oss mest.

Dei fleste kjenner lekmannsforkynnaren Hans Nilsen Hauge og hans strid for retten **alle** burde ha til å forkynna ordet, forfølgd og plaga av presteskap og embetsmakt. Ein skal ikkje undrast over at tilhengjarane hans, haugianarane, var på vakt mot prestar og andre embetsmenn, og at dette varte ved jamvæl etter at konventikkel-plakaten med sitt forbod mot fri lekmannsforkynning vart oppheva i 1841. S. T. Stuland var og på vakt, men ingen prestehatar. Det skin igjennom i det nemnde "andra-gende" til skulekommisjonen, både ved at han kallar prestane "velær-verdige" og ved at han - i ein parentes - gjev uttrykk for at begge "parti" kan ha gått vel langt i sin argumentasjon for og imot innføringa av den omarbeidde Pontoppidans forklåring. Partia det her er snakk om, er nok stort sett prestane på den eine sida og "lekmanns-pietistane" på den andre sida. Det var dei siste det låg sterkast på hjarta å halda ope sambandet attende til den første pietismen, den frå Pontoppidans tid.

Når prestane jamt over gjekk inn for den omarbeidde, forenkla utgåva ved Wexels, må det mest ha vore av pedagogiske grunnar: det var betre at born og ungdom skjøna noko enn ingenting. Dette måtte vega tungt for sokneprestane, både fordi dei var formenn i skulekommisjonen, fordi dei hadde tilsyn med kristendomsopplæringa i skulen, og fordi dei sjølve dreiv konfirmant-førebuing. Dei måtte då og ha dei beste vilkår for ei nøktern vurdering av religions-lærebøkene.

Det er liten grunn til å tru at ein klok mann som Samson T. Stuland ikkje var fullt klar over det. Me veit at han sto på god fot med den eine presten etter den andre og gjekk ut og inn i prestegarden og lånte seg bøker der.

Altså kunne det knapt vera noko slags motsetnadstilhøve til prestestanden som fekk Stuland til å målbera det andre "partiet", lekmannsflokkens sitt syn så pass sterkt. Det kan vera to-tre andre grunnar: For det første dette som me har vore inne på før, med Wexels sine avvik frå Pontoppidan m.a. i spørsmålet om bergingsvon for sjela etter døden og den sterke vekta W. la på dåpen. (Samanlikna spørsmål og svar nr. 460 og 517 i attgjevinga vår frå Pontoppidans "doble" og Wexels si forklåring. - Dei fleste av oss vil vel tykkja skilnaden er hårfin?).

Vel så stor vekt bør det vel leggjast på det faktum, som me og har vore inne på, at motstanden mot tvangsinføringa av den omarbeidde Pontoppidan ser ut til å vera dirigert ved at det har gått ut «hyrdebrev» frå dei "eldste" om at i dette spørsmålet bør det leggjast vekt på det og det. (Haugianarane var ikkje organiserte).

Kunnige og tenksame bygdefolk som eg har drøft dette med, har drege fram ein tredje grunn som truleg og kan ha noko for seg: den heilage almenne **bonde-konservatismen** - den nedervde uviljen mot det nye og den stivnakka hevdinga av at det me gamle med så stort strev har eigna til oss, det skal og kosta dei unge noko, dei bør ikkje sleppa for billeg!

Ein stillfarande og velvillig, men kvassøygd vaktmann på Sions murar har han vore, S. T. Stuland. Eit godt døme på det finn me på s. 33, i Atle Døssland sin artikkel, der det er tale om Gisle Johnsons "nødprinsipp". Prinnsippielt meinte Gisle Johnson, denne teologiprofessoren, at berre dei som var retteleg kalla, d.v.s. dei geistelege embetsmennene, skulle ha lov til å forkynna ordet, berre når det var naud-tilstand i kyrkja skulle lekmannsforkynninga få sleppa til. Dette var ei innsnøring av lekmannsverksēmda, som mange haugianarar - og S. T. Stuland - var på vakt imot, her kunne konventikkelpakaten koma inn att gjennom ei bakdør, og som me ser av den sistnemnde artikkelen, sette S. T. S. bukkebein då Gisle Johnson kom med si oppmoding om å la "Søndhordland, Hardanger og Voss Fællesforening for indre Mission" slutta seg til Luther-stiftelsen til Johnson.

### **Salmisten**

S. T. Stuland må det og seiast nokre ord om. Han må alt tidleg i ungdommen ha følgt godt med i dei store politiske hendingane i samtida. Alt i 1815, 17 år gammal, skreiv han ei vise på 19 vers,

ei rima samtale mellom ein nordmann og ein svenske om det som hende i 1814. Me veit ikkje om denne visa finst meir. Men takka vere den vidkjende boksamlaren Hans Nerhus, utflytt kvinnhering, har me hatt gleda av å halda i handa og få avfotografert eit sjeldfengt eksemplar av "Enfoldige Sange ved Samson Thoresen Stueland, Skoleholder i Qvindhereds Præstegjeld", trykt hos Chr. Dahl i Bergen 1824, solid innbunde av forfatternen sjølv og med hans eigenhendige rettingar.

Det er ei småpen bok i lommeformat på 48 sider, 19 songar og salmar med reint religiøst innhald og 6 "Venskabs- og Selskabssange".

Ein kunne ha valt å leggja strengt litteratur-kritiske mål på denne samlinga og felt domen: lite originalt, mykje atterljom av diktinga i samtida og fortida. Rettferdigare vil det vera å døma ut frå forfatternen sine føresetnader, alder, tid, tilgjenge til litteratur, skulering, og spørja seg kva han

# Enfoldige Sange,

ved

Samson Thorsen Stueland,

Skoleholder i Kvindherreds Præstegjeld.

---

Bergen 1824.

Trykt hos Chr. Dahl, N. S.

kunne ha drive det til under heldigare omstende. Då må domen verta ein annan.

I 1824 var Samson framleis berre 26 år, og det er rimeleg å tru at desse versa har vorte til i yngre år og er tekne fram og flikka på i sparsame ledige stunder, om søndagar etter kyrkjetid. Det har venteleg vore sparsamt med rettleiande, kompetent kritikk. Den litteratur han har hatt tilgjenge til, har vore den vanlege danske. I salmane hans kling kanskje Kingo att, men iallfall Brorson, og i "Venskabs- og Selskabssange" drog me lett kjensel på den leisten som visene til forfattarane i Det Norske Selskab i København vart laga over, og anna "Dovrefjells-dikting". Men berre det å tileigna seg denne forma og kunna handtera ho såpass lytelaust er godt gjordt. Du grip han ikkje lett i stilbrot eller rytmisk ubalanse, endå om han har laga alt etter kjende tonar, så du kan song-kontrollera strofene inni deg medan du les. Rettskrivinga hans er fjellstø, og mang

ein velstudert embetsmann i samtida var meir klønnt i ordlegginga, grammatikken og setningsbygginga enn han. "Tydelig og prydelig" var pedagogiske hovudkrav i tida, og dei har han levt etter også i diktinga si. Innhaldet i salmane syner stor bibelkunnskap, og Erich Pontoppidan ville nok ha nikka nøgd til ein som skjøna både språket og teologien hans så vel: "Særdeles, min Søn, laudabilis præ ceteris!"

Det er tydelig at skoleholderen har hatt pedagogiske siktemål med salmane og visene sine. Ein kjem til å tenkja på titlar som "Bibelsk Visebog" og "Chatekismus-sange" av Petter Dass, endå om det skal falla vanskeleg for nokon å påvisa at Samson har hatt kjennskap til denne høgst originale diktaren frå barokktida.

Men siktemålet hans har vore det same: å læra ved å syngja. Me veit ikkje, men gissar at det har gått for seg på den måten at disiplane hans har fått desse versa til skriveøving og innlæring heime etter tavlene sine. Boka har dei ikkje hatt händ om, for den kom ikkje ut før Samson slutta som omgangsskulelærar.

Kor vel versa har vore forma, framadsleg og rart må orda ha låte i munnen på unge kvinnheringar, t.d. (med tonen til "Jesus, din søde Forening at smage"):

**Dog kan sig Mennesket med sin frie Villie/- Naar han til  
Ondskab misbruge den vil -/ Megen Vandheld og Ulykke  
tilstille,/ som han gemeenlig er Aarsagen til;/ Ei kan vi  
Herren for saadant beskyldte,/ Naar vi frivillig fordærver  
os selv:/ O nei! Gehezi paadrager sig Bylde,/ Og selv en  
Korah nedstyrter sin Sjel.**

Eller:

**Slibrig er jo denne Bane,/ Som vi maa betræde her;/ Ofte  
bær vi Sørgefahne,/ Og maa slutte vort Gevær;/.....**

Eller:

**I Tanker, Geberdær, i Gjerning og Ord/ Du tugtig og ædru maa  
være;/ Thi du skal det vide,/ Guds Vrede er stor,/ Om du  
vil en Skjørlævner være./ Træd i Josefs Spor,/  
Og tænk paa hans Ord,/ Saa skal du hans Character bære.**

Framadsleg ja, men ikkje verre enn i salmar flest på den tida. Alvor, anger, bot og betring, lite **glede** er å finna i desse salmane. Derfor lyder det heilt uventa og pussig når denne same Samson i den siste av venskaps- og selskapssongane kastar fortøyningane og set i:

**Med Munterhed og Mod i Bryst,/ Her samlede vi ere:/ Den  
blide Frihed er vor Lyst/ Og Troskab Normands Ære!/ Ei  
tvungen Frygt,/ Ei Slavebaand,/ Men fri og let er Normands-  
Aand!/.Med fulde Støb og lystig Sang/ Saa glad og fro  
vi ere.**

**Imedens norske Fjelde staaer/ Skal Troskab staae med Ære;/  
Saalænge fulde Støb omgaaer,/ Skal Sang i Norge være;/ Naar  
vi gaaer i den lave Dal,/ Da høres skal vort Tonefald,/  
Og da vor høie Fjelde skal/ Et Echo af os lære.**

Dette er då ein skålsong god som nokon av dei mange av dette slaget i tida, og tvingar oss til å tenkja på Johan Nordahl Brun og hans kjende "For Norge, Kjæpers Fødeland vi denne Skaal udtømme." - Nokon **store** begersvingarar var dei knapt, verken Brun eller Stueland, elles hadde vel knapt den første vorte biskop eller den siste stortingsmann og ordførar\*) Det var mest det at begeret hørde med som eit fast inventar i slike nasjonale viser, og ein skålsong var vel litt av eit "svennestykke" for dei som sysla med versemakeri i dei dagar. Samson bergar seg elles trygt inn att i alvoret og gudsfrykta i femte og siste verset:

**Dog ei alene Tungens Lyd/ Og Bjergets liflig' Stemme,/ Men  
og vor Gud, med sønlig Fryd/ Skal Hjertet ei forglemme:/  
Men prise han for Godhed stor,/  
Han, som saa høit ophøiet boer,/ Som styrer alt paa  
denne Jord,/ Og daglig os forfrømmer.**

Me har nemnt rettskrivinga hans. Alfred Hamre er og inne på det i "Haugiansk frukt" s. 15: "Han skreiv ortografisk rett og. Ein av sønene spurde korleis han kunne skriva så feilfritt, og då svara faren at han hadde lært det ved å sjå godt etter rettskrivinga i trykte bøker. Denne skrivedugleiken attåt stor kunnskap om det borgarlege, førte til at Stueland laut skriva mange brev og søknader for sambygdingane sine - til fylket, stortinget og kongen."

Dei som har balt med å undervisa born og ungdom, har sakte opplevd gong etter gong at somme born ikkje lærer rettskriving kor mykje du

★) Alfred Hamre skriv i "Haugiansk frukt" s. 12: "Stueland stridde og for å få bort brennevinsbrenning på gardane og brennevinssal attmed kyrkjene på sun- og helgedagar, og det kom ei lov som forbaud denne uskikken... Men dette førte til at ved neste stortingsval kom ikkje Stueland inn. "Han skulde ikkje mere faa sidde i Thinget og gjøre det svart og kalt ved Kyrkjo", sa kollegaene hans mellom valmennene." - Han må vel ha hardna i si innstilling til brennevinsdrikking frå 1824 til 1836, og dette har beint fram stilt seg i vegen for hans politiske karriere!

hamrar rettskrivingsreglane inn i hovudet på dei, medan andre skriv rett utan å vera medvitne om rettskrivingsreglar. Mest utan unntak vil det visa seg at dei sistnemnde er dei som les mest. S. T. Stuland har sikkert høyrte til mellom desse. Men me skal ikkje difor tru at han ikkje har gått meir systematisk til verks med å læra seg å skriva. I samlingane til sone-

*Dansk Stilebog*

# Dansk Stilebog

eller

Stof til skriftlige

Forstands- og Sprog=Øvelser

for Børn og Ungdommen.

*Dansk Stilebog*

Samlet og udgivet

af

L y d e r S a g e n,  
Oversætter ved Bergens Kathedralskole.

---


Andet, forøgede Oplag.

---

Bergen, 1821.

Trykt og forlagt af Chr. Dahl, N. S.

sonen Arne Stuland ligg det ei bok som er send' oss av hans dotter att, Bjørg Stuland Høyby, og som provar det motsette, ei velbrukt lærebok i dansk av ingen ringare kar enn den namngjetne norsk- (eller dansk) læraren til J. S. Welhaven, overlærer Lyder Sagen ved Bergen Katedral-skole, ein stilmeister og språkkonsulent utanom dei vanlege. Me kan ikkje stå imot freistinga til å gje att tittelbladet av ein slik godbit for folk som grev i gammalt.



Forerindring:  
Mig eftergivet paa en liden  
Handel, af Her Bogtrykker  
C. W. Dahl i Bergen.  
1825.  
Samson Thorsen Stuland

For dei som ikkje er så vel inne i gotisk handskrift:  
Forerindring:  
Mig eftergiven paa en liden Handel, af Her Bogtrykker  
C. W. Dahl i Bergen.  
1825.

Rett nok har ikkje Samson skaffa seg denne boka til eige før året etter at han slutta som lærar, men berre det at han har vore merksam på at ho fanst og at han hadde bruk for ho, kan vel tyda på at han har hatt ho mellom hendene før, gjerne førsteopplaget, kanskje til låns frå prestegarden?

L. D.

**Svar på spørgsmål fra Pontoppidans «dobbelte Forklaring».**

13. Af adskillige Ting saasom Jødernes, Tyrkernes og andre ældgamle Slægters Tilstaaelse, da de beraabe sig på samme Ord; af Skribenternes Overeensstemmelse, af Spaadommenes Opfyldelse, af de mangfoldige Miraklers Stadfæstelse, og endelig af den store Fremgang, dette Ord har havt uden Tvang og menneskelig Makt, ja, midt i de blodigste Forfølgelser, da saa mange Tusinde Martyrer har beseglet Sandheden med deres Blod.

20. Ney, thi vor Fornuft er ved Synden fordervet.

70. Naar man midt i sin Ubodfærdighed setter en blind Tillid til Kirke-Gang, Skrifte-Gang, Alter-Gang, Almisse, Bøn, Sang, Læsning og deslige Gierninger, som ikkun ere gode hos de Bodfærdige, men gielde intet hos Hyklere.

80. At man ligesom i Troen antager alt, hvad man er vis paa, at Gud har aabenbaret, foruden at gruble derpaa med kiødelig Fornuft.

102. Ney, thi det er Frmastelse.

119. Ney, thi de kan uden Guds Tilladelse slet intet gjøre de Troende.

137. Med legemligt uforfødt Arbeide, samt syndige Lyster, saasom Dands, Spil, Comoedier, Kroer-Gang og saadant, som altid er Synd i sig selv, men om hellige Dage dobbelt Synd.

162. Trende, nemlig: 1) Regierings-Standen, i hvilken Konger, Fyrster og andre Øvrigheds-Personer ere Forældre, men Undersaatterne deres Børn. 2) Lære-Standen, i hvilken Præster og Skole-Mestere ere Forældre, men deres Disciple og Tilhørere Børn. 3) Huus-Standen, i hvilken Fader og Moder, Huusbønder, Hustruer, Formyndere, Veldædere og ærlige gamle Folk bør agtes af Børn, Børne-Børn, Tieneste-Folk, Myndlinge og andre unge.

182. Ney, thi det er at gjøre dem stor Bedrøvelse.

216. Allehaande udvortes Tegn, som forraade et ublu Hierte, være sig Øynenes og Ansigtets Miner, Legemets uanstændige Blottelse, uanstændig Klæde-Dragt, letfærdig Kyssen, Dandsen, Springen og deslige.

323. Ney, ikke sandelig gode for Gud, thi hvad som ikke gaaer af Troen, er endog saa Synd.

335. Ney, thi den veed slet intet af Christo og Guds Naade i ham, dog kan den vejlede til at søge nærmere efter Gud, og gjør, at dens Foragtere ere uden Undskyldning paa Dommens Dag.

351. Det er at gjøre noget af intet eller af en ubeqvem Materie.

391. Ikke uden at betage Menneskene deres frie Villie, og saaledes omskabe dem imot sit vise Forsæt til andre Creature, af hvilke ingen Lydigheds Prøver kunde bevises.

460. At han kort for sin Opstandelse har begivet sig til de Førdømmets Sted, triumpheret over Satans Makt, og prædiket for Aanderne. i Pet.3,18.19.20. Christus blev dødgiort efter Kiødet, men levende-giort efter Aanden, i hvilken han og gik bort, og prædigede for Aanderne i Forvaring som fordum ikke troede.

(Wexels svar: 329:

Han aabenbarede den Seier, han ved sin Død havde vundet over Djevelen, og prædigede Evangelium for Aanderne, som vare i Forvaring).

517. Ikke et Huus bygt af Træ eller Steen, men Kirken er hellige Menniskers Samfund, Sammenbindelse og Forening i Aanden.

(Wexels svarar:

404. Samlingen af alle dem, som er døbte med den christelige Daab og bekjende den christelige Tro.)

**Ragnhild Vaage Heimvik:**

## *Husnes Misjonsforening 130 år.*

Som Atle Døssland har nemnt i avhandlinga si om den organiserte lekmannsrørsla i Kvinnherad, så vart Husnes Misjonsforening skipa i året 1852, altså for 130 år sidan.

Opphavleg var det for Det Norske Misjonsselskap den vart til, men ho arbeidde og for indremisjonen og ymse ytre misjonar. Laget var berre for menn. Haldor B. Helland var første formannen, og etter han kom Lars O. Rørvik, han dei kalla Skule-Lars.

Til større møte kom det folk ikkje berre frå Husnes, men like frå Utåker og Kvinnherad, ja endå til frå Halsnøy kom dei roande og seglande, vert det fortalt, så umakredde var dei ikkje.

Det var berre mannsforeningar den gongen. Kvinnene heldt seg mest heime, eller i bakgrunnen. Men kanskje dei tykte det vart litt stussleg i lengda? I alle fall vart det 14 år seinare, i 1866, skipa ei kvinneforening på Sunde. Men her var det og menn med i byrjinga, såleis var Lars O. Rørvik den fyrste formannen her. Truleg slo dei saman dei to foreningane. Hans Gravdal, som kom til bygda i 1890, fekk mykje å seia for misjonsarbeidet i bygda. Frå 1911 vart kona hans, Malene, leiar for laget i mange år. Seinare overtok dottera Hanna Gravdal.

Det var mange medlemmer i denne foreninga. Ho var for heile bygda, så noko slitsamt vart det vel når dei skulle i veg med rokk og kardar og alt som hørde til. Men dette var nok helst dei aller fyrste åra, sidan fekk rokken stå heime.

Vegen var dryg i den langstrakte bygda, og i 1933 vart laget delt mellom øvre og nedre Husnes. Det vart då Sunde Misjonsforening og Kaldestad Kvinnemisjonslag, det siste med Brita Haktorson til leiar. I dei seinare åra er det kome til eit misjonslag på Husnes som arbeider for Misjonsselskapet. Formannen her er f. t. Kari Medhus. Gudrun Nordberg er formann for Sunde Misjonsforening no.

Til hausten går desse tre laga saman om ein jubileumsfest i kyrkja og bedehuset på Husnes for å feira 130-års-jubileet, og det er i emning eit eige jubileumsskrift. Difor lyt det gå av seg med denne stutte omtalen her.

## **Ei av dei som var med frå starten**

”Eg ska kje kudna sei kin da va so gjore opptakje te misjons-foreningjo i Husnes,” seier Gustav Røyrvik, ”men Åmuns-Lars-Britto på Opsonger va vel saktens me, å ei frå Heland, å heilt sikkert vett eg at besto mi, Magrete Røyrvik, va me - i den fyrste **kvinne**-foreningjo ja. Hu va strengt pietistisk å puritansk, so Nils i Røyrvikjo, far min, so eg utan å øvedriva for mykje tore kadla enn from mann, sjøl han totte mor hans gjekk for vidt. Hu konde ikkje gå me blåhua dessmeir, so kvinnfolk flest gjekk i før - da va for mykje jugl å dikkedaria me 'ne. Å, hu va ei rådsamor - sjå her, du kan sjå da åv fotografie her - da e ei so vett ka hu vil, å den mo'n va kje van me å smila. Gudmund, bessen min, hadde ikkje mykje å stidla opp imot 'ne - du ser da e milde aue i den ma'n. Hu for te bydn, Magerto, me arvesølle i Røyrvikjo å selde da å ga pengane te misjo'n. Der for no da, å lokka på reiso!”

## **”Arvesylve ja,”**

seier Torkjell Naterstad, ”da for ikkje so lite åv da te misjo'n frå dei indre bygdene helde. Du vett vi hadde en del forneme ugifte dame iblant oss her, åv di kondisjonerte, so sat idne me litt sylv, å da hende rett so da va at di ga åv ditta te misjonsbasara, då basar-skjikkjen va kobmen idn, å rekneskapane syne at ditta vart da kjøpt lodd på! Sylve vart no for da mesta verande i bygdo på da vise, å misjo'n fekk sitt likavel.”

## **140-års-jubilant**

Kvinnherad Misjonsforening 1 er 140 år gamal dette året. ”Vi samlar på tilfang til soga åt laget,” fortel Torkjell Naterstad, ”men kjem vel ikkje til å prenta noko av henne før til 150-års-jubileet, i 1992. I historisk perspektiv, veit du, er ti år «som ein dag, ja som ei vakt um natti», for å bruka eit velkjent sitat. Kva omfang og utstyr det jubileumsskriftet skal få, det lyt stå til dei som lever og råder då.”

**Margot Lea:**

## ''Kvardag i Jehans-stova''

### Kveldssete frå 1880-åra

Scena er ei gamal bondestove frå 1880-åra. Til høgre ein slagbenk med åkle over. Framfor benken kinnekrakk og stol. Til venstre for denne ei vogg. Heilt til venstre på scena står rokk, ullkorg og kardekrakk. Inn til veggen, midt på scena, bord med ein stol på kvar side. Over bordet heng ei oljelampe. Til høgre og venstre på bakveggen heng hyller med ymse kjerald.

Dei som er med:

Kari, kona på garden.  
Jehans, mannen hennar.  
Vetla-Kari, dotter deira.  
Vetle-Jehans, eldste sonen.  
Hallvard, ein yngre son.  
Brita, taus.  
Elias, dreng.  
Kristi, grannekone.

**Kari** (sit og kinnar smør. Lettar på loket og ser ned i kinna): Sett slikt! At då ikkje vil bresta. Eg lyte vel ta badne snart og no. (Er bort på voggemeien med fōten).

**Brita** (inn frå venstre med mjølkebytte i handa. Ho finn ei kolle i hylla og er ute og hentar ein mjølkesil, silar opp mjølka framfor bordet og går ut til høgre med ho. Kjem inn att): Da va sorgjele so lite mjelk da va i kjydno i kveld. Kan vi våga gje dei litt meir høy?

**Kari** (stansar kinninga): Nei, da trur eg ikkje vi kan. Høyståle har minka so skræmele i haust. Vi e mesten kobmnete julamerkje. Du får helde bløyta noko meir lyng. D'æ sorgjele om da sku minka i kjydno nett no nå' vi trengje so indarle vel te kvar dropen.

**Brita** Ja, du hendelse. -Her ska vi steikja kake å koka dravle - å jommagraut Men smør å søtost trur eg ikkje du tenge syta for. I brydlope på Leite-stølen fekk dei alt dei trong å vel so da i fodne.

**Kari** Ja, ja. Vi får ta ein dag om gongjen. (Flyttar kinna og set seg bort til vogga). Du får sjå om du kan få smør. No må eg ta badne.

**Brita** (set seg til kinna og sveivar): Nei, ka sa eg. Detta går nett so eg sa. Du sku ikkje vore så svinto te byta ut den gamla staukakjidno. Desse ny-motens greiene te Åd'n i Kalvanese har eg lito tru på. (Tar til å kinna).

**Kari**: Sei kje da, du Brita. Vi lyte då fylgja me tio. Eg trur kje dæ kjidno si skuld. Du veit då atte Kronreio e lei te få smør åv når hu helde på å gjeldna åv.

**Brita**: (lettar på kinneloket og stryk av det med fingeren): Hu sku vore sett på vetrungsbåsen heila Kronreio, da har eg sagt forr.

**Kari** (tar opp barnet frå vogga og drøser så smått med det, medan ho byter reive og linnar det. Syng):

Annemor, Annemor, Turelутten græte./ Olemann, Olemann, byss han te eg kjebme./ Far or sko. Mjelka ku./ Far or sko å mjelka ku./ Gje den vetle drikka. (Ho legg barnet frå seg i vogga): Du får høyra itte Vetl-Ingjebero, du Brita. Eg får åstå vondla te smalen mende da e so fjerre dagsjos. Da teke te å skonta ikkje so lite, ser eg. (Ut).

**Vetla-Kari** (kjem inn frå høgre med eit spøt i handa. Ho går og set seg på stolen til venstre for bordet og byrjar spøta. Ho slepper ned ei spøte).

**Brita** (ser opp): Nei, e da du Vetla-Kari so kjebme so stilt? (Kinnar litt). Ja, du går stilt me alt, du Vetla-Kari. - Tenkja seg te - du å so Larsa-Larsen.- Å her har hittfolkje gått å ikkje ansa noke, forr presten so å seia ska «sleppa doke ne ifrå preikestolen». (Reinskar halsen): Eg ska betru deg noke, Vetla-Kari. Eg hadde ein kjæraste, eg og ein gong. Eg va so gla i an, å han, han sa han va gla i meg. Men so va da da då, atte han va kje frå dinna bygdo. Nei, han va dessverre ifrå byd'n, so an høvde nok ikkje for meg - - å ikkje eg for han helde, so te.

**Vetla-Kari:** Stakkars Brita!

**Brita:** Nei, han va felespelar, se du. Å eg, ja eg e feijo for eg e bonde fødd å alen, å kan få stedla me kjydnå å hesten å smalen - sjå der vart da rim og! - - Men e da brurasokkane du spøta so flittig på?

**Vetla-Kari** (dreg på det): Nei, ikkje nett da. Men eg sku so gjedna hatt dei åv-felte i kveld, men eg veit ikkje korleis eg ska vidna på da.

**Brita:** Men snilde deg då, gudlataus. Du må då vel vidna på te fedla åv dei, da lie då kje so långt på kvel'n.

**Vetla- Kari** (legg spøtet ifrå seg): Nei - seint! - Men eg lova Ilio å Larsa-Mario at eg sku vera me å vaska i skulestovo -

**Brita:** Å soleis! - Då ska sakta Larsa-Larsen og vera me, spår eg, å då e da kje ventande at du ska sitja her å spøta. Bare gå du, gudle, eg ska spøta sokkjen ferig. (Tar loket av og ser ned i kinna) Jau, so piskantull, eg fekk prinsen likavel! No ska Jensa-Mario få saupgraut når hu kjebme hit på mekedag. Viss då ikkje mor di vil ha saupe te prim no te vertskape. (Tar kinna og går ut til høgre).

**Vetla-Kari** (tullar saman spøtet og etlar seg til å gå ut. Ho tar eit slag bort til vogga).

**Jehans** (inn frå høgre): E du åtleina? Har du etla deg ut? Kor e gutane forresten?

**Vetla-Kari:** Eg haure omen åv dei. Eg trur dei skreie seg i Brotabakkjen. (Ho vil smita forbi faren): Eg må gå no, - ska åst'å vaska i skulestovo.

**Jehans** (legg hatten frå seg på benken): E da vår børt no longe? Ja, du kan vel få gutane me deg? (Tar seg i det): Nei, seie - gutane! Du har vel ano hjelp no, spår eg. (Ler litt med seg sjølv): Ja, da e sant du - eg kjebme nett frå sjød'n - va idne på buo, å då kobm eg te fortelja Vika-Hansen atte du å Larsen vilde te bydn i moro å ringa doke. Da va no vel ikkje noko

gale at eg fortalde da. Mende vi sto der å drøste, so kobm gamla-madammo sjøl, å hu vilde veta om de kobm atte me ein gong, for då vilde hu be doke gjera eit par ærend for seg. Hu ba om at de måtte vera so gilde å få me doke heim noken småting so hu hadde so indarle trong for. Eg fekk ein setel - (grev opp ein setel or lomma og gjev han til Vetla Kari): Du får lesa ka so står der.

**Vetla-Kari** (tar setelen og les): Et glas Hoffmanns dråber. Et lidet glas kamferdråber. En alen sorte hattebånd. Et gross hvide tøyknapper. Et gross sorte vesteknapper. (Brettar setelen i hop) Eg får gjøyma han i stakkalubmo.

**Jehans** (tar nokre myntar opp or lomma): Eg fekk me penga - sjå her. Ta no godt vare på dei, so du ikkje kasta dei vekk, for då verte kje gamla-madammo ty, veit du.

**Vetla-Kari:** Eg ska nok passa på dei. (Ut)

**Jehans** (set seg i benken og brettar ut ein avislapp).

**Brita** (inn frå venstre. Ho tar spøtet som Vetla-Kari har lagt frå seg, tar ein stol og set seg framfor vogga.)

(Det ramlar av tresko i gangen til venstre).

**Gutane** (kjem stormande inn. Dei er sveitte og forkava. I munnen på ein annan): Kor e mor?

**Jehans:** Har de sett treskono skjikkele frå dåko, guta, so ikkje noken snåva i dei å bryte arma å føte i morkne? Korleis e da me lekso te imoro? E de ferige me'ne? La meg --

**Vetle-Jehans** (bryt snøgt inn): Du far, du kan tru dæ fin is på Kjøylo. Å veit du - Samsom i Hansa-stovo har laga skjesse te Vetle-Hansen. Å du trur kje kor håle dei e!

**Jehans** (smullar): So du, Hansen har fått skjesse. Å no vilde du at eg sku laga ett par te deg - va da kje so du meinte?

**Vetle-Jehans** (skundar seg til døra til venstre): Eg kan svinta åst'å få låna dei, so du sjøl -- (Ut døra).

**Hallvar** (går ut til høgred og kjem inn att med skulesaker).

**Brita** (spøtar og voggar medan ho mullar på ei voggeviser): «Høye fjelde og dybe dale-/ her er den som jeg vil have. Hei hopp, min skjønneste sukker-topp./ Vi skal danse til solen rinder opp./ Hei hopp, min skjønneste./ Vi skal danse i det grønne». (Til Hallvar): Du får setja deg bort i josa, Hallvar, so du kan sjå te lesa.

**Jehans:** Eg tykkje Kario vart lengje no.

**Brita:** Hu står sikkert å snakka me smalen, Kario.

**Kari** (inn frå venstre): Har de sett Elias'n? (Får auga på Jehans): Edu longe kobmen frå sjød'n Jehans? - Du må få Elias'n i moro den dag te jabna utøve møkjo. Da dunga seg långt oppøve florsveggjen. Vi kan kje ha da slek i tune no da verte brydlop å allslags - slikt stinkende dynd, så da hette i salmebokjo te Samson Stuleland. (Tar fram rokken og set seg): Va da noko nytt te spørja ne me sjød'n då?

**Jehans** (legg avisa frå seg): Å du veit -. Da hende jamt ettkvart på buo. Hin kvel'n va Brota-Per uheldig du.

**Kari:** Nei? Fortel då.

**Jehans:** Du veit han e so gla i da søta, Brota-Per'n. Å her hadde han vore åtleina på krambu. Då kunde han ikkje styra seg, krokjen - han va so ein vind bort unde sirupskranen å fekk ein drustele klatt me sirup på fingjen. Men Vika-Hans'n kobm øve han, å då kunde kje han la høve gå frå seg. Han retta fram neven te Per'n forr han hadde fått sleikt åv seg, å den so måtte retta frabm hondo so va fudl åv sirup, da va Brota-Per'n.

**Kari (ler):** Han fekk neven fudl, Vika-Hans'n og då.

**Vetle-Jehans** (inn med eit par stokk-skeiser i neven): Her ska du sjå, far

**Jehans** (ser på skeisene og snur og vender på dei): Jau, dei e sakta fint temåta desse, men eg trur du trenge meir te nye sola unde stevlane dina. Du får henta dei, so eg får sjå om eg kan få hallsola dei i kveld. (Gjer seg klar med reiskap og vyrke til arbeidet).

**Vetle-Jehans** (inn med støvlane i handa, snur og vender på dei): Eg kunde visst gått me dei ei ti endo.

**Jehans** (tar støvlane): Dæ best eg teke dei no me ein gong. Snart bere da laust me brydlopsståkje, veit du. Då ska vi bå slakta å bryggja. Du vil vel ikkje gå te kjorkje på sokkaleisten, veit eg? (Tar til med halvsolinga).

**Kari** (stoggar med spinninga. Til Vetle-Jehans): Har du kje noko te hekta fingrane i? Da va kje i mi oppela atte vi fekk stå so gjerandslause. Du får smia noken pølsepidna te oss. Du veit vi lyte laga ei vøla me pølsa. Vorkje fidne du sikkert i skytjo. Men ver varsam me lykto.

**Vetle-Jehans** (tar lykta og vil kveikja ho).

**Jehans** (ser opp frå arbeidet): Nei, gjer ikkje da. Du får roa deg no te Elias'n kjebme, so fidne han vorkje te deg. Eg lika ikkje atte du går åt skytjo me lykt. Du kunde setja eld på. (Vender seg til Kari): Eg tykkje Elias'n vart lengje no. Han har vel ikkje tenkt te sova i stadlen i natt -.

**Kari** (ler): Da gjere han so gjedna. Du ska sjå han liggje me armen om halsen på merro.

**Brita:** Ja, noken andre får han vel ikkje te sova me armen om halsen på.

**Elias** (kjem inn).

**Jehans:** Du greidde riva seg laus frå øykjen? - Ja, no får da syna seg om vi får noke att for streve.

**Kari:** Ja, å for adl havren de har grytt i'ne. Da e reint for gale me desse øykjautstidlingane. Sku mest tru at her ikkje fanst adna levande på garden.

**Elias** (til Jehans): Eg såg nett på øykjaselen. Han sku vore völt.

**Jehans:** Han sku vel da. Eg hadde heldest tenkt du fekk gjera eit par nye tresko åt Hallvar'n. Du fidne sikkert eit brukande ebne i skytjo. Eg trur der liggje eitkvart i søre skytjebørste. Du får fidna eitkvart lite te Vetle-Jehans te pølsepidna me da sama.

**Elias** (kveikjer lykta): Dæ meir om-å-gjera me øykjaselen. Gutatravane får tresko i eino. Dei får slutta me te skreia seg på hålkjen på treskono. (Ut til venstre).

(Det er stilt i stova. Kvar arbeider med sitt).

**Kari** syng: .....

**Elias** (inn med ymse trevyrke): Du får ta da kratle der, Vetle-Jehans. (Gjev Vetle-Jehans nokre trestykke. Sjølv tar han eit emne og byrjar hola ut til tresko).

**Vetle-Jehans** (finn kniv og set seg i benken til å arbeida).  
(Det ramlar av tresko i gangen til venstre).

**Kristi** (kjem stilt inn): Go' kvelden, å signe arbeie.

**Alle:** Takk.

**Kari:** E da du Kristi so ser idnom te oss? Du får sjå te at du får sitja. (Til Vetle-Jehans): Du får flytta deg so Kristio får sitja.

**Vetle-Jehans** (flytter seg til bordenden til venstre).

**Kristi:** De sete so flittige. Eg vilde berre stikka idnom me fodnakorgjo so de va so gjilde å lånte meg. (Til Kari): Her ska du sjå. Eg tok me ein udladott eg tenkte du kunde nytta te eitkvart. Du veit eg har endo atte et par sjeviotsaue. Dei kan no sei ka dei vil om sjeviotsauen, fin udl har an no. (Tar fram spøtet sitt).

**Elias:** Ja, eg trur no endo at Tore Stuland va idne på da retta då han for te Skottland å kjøpte sjeviotsau, endo han måtte ut me monge hundra spesidalar for dei. Då tykte eg mindre om kjydno so han kjøpte frå Holstein. Ikkje snakk om at dei beisto sku te fjells likso andre kjyr. Nei, liggja i bød'n sku dei, å gnaga i seg alt so der vaks. Ja, de kan veta - so godt so dei va vane der dei kobm ifrå i Tyskland.

**Kari:** Ja, du tente då 'oss Toren på Stuland, du Elias?

**Elias:** Eg tente 'oss Toren, ja. La meg no sjå. Eg trur eg festa meg der i 58. Ja, just. Da va nett da åre då han hadde vore te Holstein på ei fehandelsfer. Då kobm han frabmom Hamburg, å der vant han ei søll-lubmeklokka i æresløn.

**Vetle-J.:** Kafor da? Kafor vant han ei klokka i Hamburg?

**Elias:** Jau, seddu, dei dreiv å skaut på noken glaskule so dei slengde opp i lokto, å so sku dei treffa dei då. Å Stulands-Toren skaut dei ne, adle i hop, han. Å ja, han va ein gasta skyttar, Toren. Synd å skam at slike folk ska vera nodde te reisa te Amerika for å livberga seg.

**Jehans:** Ja, sant nok. Vi hadde visst hatt trong for slike folk her og.

**Kari:** Han va sikkert ein gasta mann på adle vis, Toren, men eg kan ikkje sei eg va so gla i sjeviotsmalen, eg for min part. Dei å opp for minst ei ku, der dei gjekk oppå Verharo å gnog. Men fin udl har dei, da ska vera visst. Da ska verta eit par fine sokka te Vetl-Ingjevero åv udlo, tenkj' eg.

**Kristi:** Da vart so mykje øykjaprat i stovo heima. Karane e meste forstørra vortne itte dei fekk høyra at da sku vera øykjautstidling på Seim te veko.

**Jehans:** Seie du da? Ja, de ska stidla ut merro, de og?

**Kristi:** Sku meina. Men no vil eg ikkje høyra eit or meir om øyk, helde so går eg heim att.

**Brita:** Her e visst adna å tenkja på her no, enn desse premimerrane.

**Kari:** Eg sku meina.

**Kristi:** Sku meina da ja - me brydlopsståk nett no føre jul!

**Kari:** Snakk ikkje om da. Eg trudde so visst at dei vilde venta te våren me å gjifta seg. Men du veit dei e mykje opprådde no i Larsatune itte moro fadl ifrå i submar. Mario e no bare for badnsungjen te rekna, so der trengst eit vakse kvinnfolk te ta seg åv stjodne. Men hardt verte da for oss te få alt i stand. Eg vidne no ikkje øve so mykje eg, no eg har vetla-badne.

**Kristi:** E'kje ventande helde. Du må bare sei ifrå om du trenge ei beina. Vi e so fjerre ferige bå me bakster å adnā. Eg har oppe ein skarve vab-melsvev, men den får eg sakta ferig.

**Kari:** Feio kan du vera. Eg strir me siste kvitelen te Vetla-Kario. Da verte lite ti bå te rokkjen å veven.

**Kristi** (legg frå seg spøtet som ho har site med): No kan du kara, so spidne eg. (Set seg til rokken): Da e då eit framifrå snilt badn - eg har kje haurt låt åv' ne si eg kobm.

**Kari:** Ja, takk å pris - Vetl-Ingjebero e eit velsigna snilt badn.

**Kristi:** Å so gjilt for doke at da var eit jentebadn de fekk, no når Vetla-Kari drege frå doke. Å slik so hu likna doke beggje to.

**Jehans:** Ja, dæ kje noken byting vi har fått, må du tru.

**Kari:** Du då! Seie byting! Dæ kje noken so trur på bytinga no lenger, men ikkje lenger sio enn i min badndom, då va da kje ratt få so trudde på sore. Gamla Ed'lo hu la allti saks å kniv å sorne ting åv stål i voggo te dei ny-fødde, når hu hadde stelt itte fødselen, te verja dei mot dei underjord-iske.

**Elias:** Dei gamle ja. Dei trudde på mongt dei. Har de forresten haurt segno om koss da gjekk te atte Blåelvo kobm te redna ne te Matre i staden for te Omvikdalen, so hadde vore da naturlega?

**Vetle-J.:** Nei, fortel Elias.

**Elias:** Jau, ser de. Da va to gjygre so kobm i krangel om kor elvo sku redna. Hjelmo hætte den eina, å Matro den andra. Hjelmo vilde ha elvo te redna te Matre, men da vilde ikkje Matro. Hu meinte elva sku redna te Omvikdalen. Men då sa Hjelmo: «Før elvo ska te Omvikdalen gå, før ska eg sprengja bergje da blå». Å so sette hu foten i Bersfjedle å sprengde ut eit stort stykkje, å derme so radn elvo den veien. De kan sjå merkje itte baken åt Hjelmo i Vadmelsbergjo den dag i dag.

**Brita:** No må de ikkje sitja her å gjera ungane fælne me alt detta gamle rolpe dokas. -Nei, men har de haurt om Olai i Holmen då han fekk kjær-astebrev? -Jau, han fekk detta breve, ser de, men no veit de dæ helst smått stedl me lesekunskapane 'oss Olaien, so han hadde detta breve liggjande å visste kje meir om ka so sto i da, han stakkar. Men so kobm Gjert'n i Båtstø roande bort te Olaien ein dag, å hin fortalde 'an då om breve, å han ba endo Gjert'n om han ikkje kunde lesa da te 'an. Jau, da meinte Gjert'n han sku greia. Olai frabm me breve, men so kobm han i stuss lika vel: «Då høyre du alt so står i breve,» sa 'an. «Seie da,» sa

Gjerten. «Eg ska halda for øyrene mende eg lese breve ditt».  
(Alle ler).

Mende eg hotta da: Har Kristio fått atte perlestasen hu lånte oss då Ingjebero va te kristnars?

**Kari:** Nei, so sandele, da har eg beint gløymt. -Gå ut i buo, du Brita, å hent da. Eg trur da ska liggja i leddikjen i den støsta kjisto rett innfor døro.

**Brita** (ut til venstre).

**Kristi;** Eg haure ei go slosa av Bakkahus-Brito, den må eg visst fortelja: Jau, da va gamlesnikkaren, han hadde fått ein verkjefing so han laut gå te doktor Matthisen å få skore opp. Doktaren skar å stelte fingjen, å so skreiv han rekning. Der sto da tal for tal alt da han hadde brukt te lækja denne fingjen, men te slutt på rekningjen sto da: Kr. 2,- å gamlesnikkaren vilde veta ka dei to kronene va for. «Jau», sa doktaren, «de skal jeg ha fordi jeg er doktor.» - - No bar da kje verre te enn at doktaren trong eit medisinskåp nett ettepå, å kobm å ba gamlesnikkaren laga detta te han. Jau, da sku snikkaren gjera. Då han so kobm me skåpe å rekningjen, so hadde han skrive attåt kr. 2,-. Doktaren vilde veta ka dei to kronene sto for, å då svara gamlesnikkaren: «Dei ska eg ha for da at eg e snikkar». Han fekk dei to kronene. (Alle ler).

**Kari:** Ja, han vanda kje storfolkje, gamlesnikkaren.

**Vetle-J.:** Bakka-Per'n fortalde--

**Jehans:** Hald deg te arbeie du gut. Da høve kje for ein ungje te flabba borti slikt so vaksne folk snakka om. - Men har de haurt om då Leite-gutane va åv å henta julaskjenkjen her eit åre? - Jau, da va hålkaføre, å gutane hadde teke hest å slee å sku få kaggjen heim. Då dei kobm på høgsta rese, fekk dei lyst te smaka på sorten, å dei smakte bå ein og to gongje frabm itte veien. Men meina de ikkje uheppo va ute då dei kobm ne Leite-brekko - takje glapp, å kaggjen te tridlings ne itte brekko. «Klukk, klukk» sa da itte kvart so dei dyre dråpane radn ut. «Å nei, å nei,» sa den eine Leite-guten, «Jeg hører din stemme, men kan ikke hjelpe.» (Alle ler).

**Kristi:** Ja, ein har kje adna moro enn den ein laga sjøl. Men no ska de høyra om då Leite-ma'n sjøl sku på buo å kjøpa kaffi her ein dagen. De veit handelsma'n der i bygdø har ein fortærandes måte te vera borti vekto me fingjen når han vege opp vare. Leitema'n hadde sett seg arg på detta lengje, so då han hadde fått kaffiposen, so ga han seg te å grava i posen «Ka leita du itte i posen?» vilde handelsma'n vita. «Jau», svara Leite-ma'n «no har eg betalt so ofta for den fingjen du leggje på vekto kvar gong du vege opp noko te meg, so no vil eg sjå itte om eg ikkje ein gong kunde fått han me meg». (Alle ler).

**Jehans:** Ja, du snakka om kaffi, men har de haurt den gongjen Plass-Adno sku på vitjing te Holma-Britto? - Jau, Britto smore på ein brote me lepsa å sku traktera Adno me, å Adno åt å åt hu. Te sist kund' ikkje Britto dy seg lenger, å so sa'u: «Ja, bare et, du Adna, bare ta den sjuande lepsø og du, for eg e kje den so tele maten i folk.» (Alle ler).

**Kristi:** Ja, den Britto, den Britto! - - (Ser bort.på Hallvar som sit og les): Da e då ein støvar, den Hallvaren. Trur eg ikkje han bare site der å lese å ikkje ansa da grand.

**Jehans** (kry): Ja, han har hug te bokjo, Hallvaren.

**Elias:** Eg har sagt da heila tio, da verte prest åv den guten.

**Vetle-J.** (Ier hånsk): Ha,ha - prest han! Gudlabadne - (Stikk ein pøsepinn i enden på Hallvar).

**Hallvar** (spring opp og gaular, medan han held seg på baken, spring på Vetle-J., og det ber i hop med dei): Din - din lusatrave du e!

**Jehans** (trør i golvet): No held de fre, ungå. E visst på tide de får eta te kvelds å kobma te køys.

**Brita**(kjem inn med perlestasen): Dæ kje fint te kadla bror sin for lusatrave, Halfvár.

**Kari:** Nei, takk å pris - vi har no halde luso vekke te dessar.

**Elias:** Ja, da va verre for dei på Lyngheio her i vår då dei fekk den nye dren-gjen. Dei vart so oppfylte me lus i garen, so dei visste ikkje si arma rá. Ma'n sku eit ærend te bydn, å då ba kono han so fint om han ikkje kunde få fat i noka lusasalve me da sama. Jau, ma'n gjekk te ein appetikkar å spore om dei hadde noken salve so tok drepen på lus. Jau, da hadde han. «Kor monge øskje vil du ha?» spore appetikkaren. «Kor mange lyse kan eg få teke knekkjen på me ei sori øskja?» spore ma'n. «Å, ein ti tus-en lus eller så.»- «Ja, so la meg få ti øskje då, svara ma'n.»

**Kristi:** Du hendelse! Men no får eg visst sjå te å grava meg heim, helde so kjebme dei vel på leit itte meg. Tio fyk fort i hugnasamt lag. No får de ha takk for meg -

**Kari** (legg kardane frå seg): Dæ vi so ska takka. Du har visst spudne sneldo fudl åt meg.

**Kristi:** Snakk ikkje - Bare sei te, so ska eg kobma bort att.

**Kari** (tar perlestasen som Brita står med, og vender seg til Kristi): No ska du ha so monge takk for låne for detta. Men kor har du vore itte da? - da har eg alder kobme te spørja deg om. Dæ so umåtele fint.

**Kristi** (tar imot): Jau, da ska eg sei deg: Detta e kobme frå Bjødnabøle. Besto mi va derifrå.

**Vetle-J.:** Kafor hette da Bjødnabøle? E da so mykje bjødn der?

**Brita:** Eg trur ikkje dei har sett bjødn der dei siste åro. Men eg veit att for nokre år sio då sto kono på Bjødnabøle å såg ei bidna so kobm ruslande me ein ungje på kor le. Dei tok seg ein runde mydlo huso, å so drog dei idnøve fjedle.

**Hallvar:** E da noken her i dalen so har skote bjødn?

**Elias:** Dæ kje so sers monge år si dei skaut ein på Landa. Da va den siste so vart skoten her i dalen. Da va endo te Tore på Stuland so skaut 'an. Han hadde vasa seg lika ne te huso, bjød'n - Ja, Toren skaut fleire bjød-na, han. Ein gong kobm han øve ein bjødn so låg å sov idne me Blådals-holmen. Toren fekk seg alder te å ta live åv eit dyr so sov, so han ropte

te bjød'n: «Vågn opp du som sover!» derme so vakna bjød'n å pang sa da, å der låg bjød'n.

**Gutane** (siktar og «fyrer») Pang, pang!

**Kristi** (hopper høgt: Nei, no røme eg. Berre eg ikkje treffe på ein bjød'n beint uti tune!

**Elias:** Ska eg fylgja deg?

**Kari:** Tøv på deg Elias. (Fylgjer Kristi ut døra til venstre. Kjem inn att straks etter): Nei, no får eg vel sjå te å hekta på grauten.

**Vetle-J.:** Ja, gjer da, mor - eg e so svulten atte da gaula i magen.

**Jehans:** Trur og da, Kair-mor - la oss berre få kveldsmat.

**SLUTT**

**Johs. G. Tofte:**

## *Johs. Silseth i Toftevåg*

Ved kongebrev frå 1722 vart det gjeve løyve til å driva gjestgiveri i Toftevåg. Like fram til først i 1860-åra vart dette drive av ymse eigarar, men på denne tid vart gjestgiveriet overteke av ein ungdom frå Møre, Anders Silseth, fødd 1840.

Dette var ein sær sars driftig og dugande mann som arbeidde Toftevåg fram til ein kjend handelsplass med stor kundekrins, like frå Fjæra i botnen av Åkrafjorden til ytst i Sunnhordland. I hans velmaktstid vert det drive mykje skipsbygging rundt her, og Toftevåg var ein livleg stad med stor omsetnad. Anders Silseth må og ha vore velstående, for gamle protokollar som Andr. Tofte har teke vare på, viser at han gav kundane sine store kredittar over lang tid. Han har sikkert hatt store tap på dette.

Han var mykje interessert i kristeleg verksemd, og fekk såleis i 1887 reist bedehuset «Zoar» her på Tofte, ei hus som etter ein del ombygging endå er godt tenleg. Mykje av kostprisen for «Zoar» vart betalt av han personleg.

Diverre hadde ikkje Anders Silseth direkteetterkomarar. Men i 1875 (1876) var det oppe på Møre eit ektepar som kom vekk på kyrkjeveg. Dei let etter seg to søner. Den eldste heitte Peder, og kom til Helland her i Kvinnherad. Den andre heitte Johannes, og var fødd den 29. mai 1875, og var såleis ikkje store karen då han som son i huset kom til Anders Silseth i Toftevåg. Han voks opp på handelsstaden her i romslege tilhøve på alle vis. Ikkje lite frisk og rik på innfall var han nok i sine ungdomsår. Det vert såleis fortalt at då han var 14 år eller så, hadde «Gamlesilseth'n» ein dag fått til krambua ein slump med kveitesnøre, og då det alt andre dagen var borte hadde han spurt etter kven det var som hadde kjøpt alt snøret. Fekk då opplyst at det var Johannes som hadde laga line av det og sett ut frå Lauvøyo her og like sør til Toftekalven! - Gamle-Silseth'n hadde då berre rista på hovudet og sagt: «Hvad mon det blir av ham til slutt!» - Det høyrer med til soga at lina aldri vart oppteken, på grunn av langvarig austavind. Det fanst ingen motorbåtar på den tid.

Johannes Silseth fekk opplæring på ymse stader, og slutta av med eksamen frå landbrukshøgskulen på Ås. Han synte seg å vera ein mann med allsidige evner, og intelligensen var nok i overkant av det vanlege. Han hadde greie på mangt. Bestefar min, Johs. Jørgensen Tofte, dreiv i 1896 med dyrkingsarbeid her på Buneset, som no er i mi eige. Han hadde med seg fleire av sønene sine, far min og. Dei heldt akkurat på og maksla og braut sund på noko treverk som låg i myra dei arbeidde med. Heldigvis kom nett då Johs. Silseth framom. Han fekk dei så vidt til å begje arbeidet, og fekk fagfolk frå museet i Bergen til staden. Dei grov då fram den såkalla «Halsnøybåten», som er det eldste båtfunn i Skandinavia, frå før eller kring Kristi

tid. Deler av båten er å sjå på museet i Bergen. Han var sydd saman med vidjer. Den vart altså berga av Johs. Silseth.

Framsynt var han og, og tiltaksom. Just han var heimkomen frå Ås, gjekk han i gang med planteskule i Toftevåg, og dreiv reklame for frukt dyrking. Rett mange på Halsnøy prøvde seg med dette, men også fleire i Sunnhordland elles. Det er såleis ei kjensgjerning at dei store pærehagane på Utåker har Johs. Silseth som sin fadder. Mykje av eigedommen sin i Toftevåg planta han til med frukttre, og dreiv elles mykje med grønsaker, ja, han var ein føregangsmann også på dette området. Han bygde og ein av dei aller første siloane her i Sunnhordland. Det var ei heller stor sak av ståande plank med jernband rundt. Du kan veta han fekk mykje lått over seg for dette narraktige «babelstårnet», som folk sa.

Han var truleg den første på desse kantar som gjekk i gang med birøkt. I mange år hadde han kring 25 bikuber, mesteparten på sørsida av våningshuset i Toftevåg, men nokre lenger ute på øya, ved Kloster. Somme tok etter også på dette området, såleis lensmann Johnsen, som hadde ein del kuber i mange år, likeeins Lars Gjerde og Pål Nordhus. For min part tok eg over det bi-utstyret som var att etter Silseth, og har framleis ein del kuber.

Johs. Silseth var ein sterkt nasjonalsinna mann. Han stifta såleis det første skyttarlaget på Halsnøy, og det første idrettslaget, og var formann i begge. Då unionen med Sverige vart oppløyst i 1905, vart det som kjent halde ei avrøysting over dette vedtaket rundt i kyrkjene. Folk skulle røysta «ja» eller «nei». Dette var den 13. august, og denne dagen gjekk Johs. Silseth i spissen for eit folketog til Eid kyrkje og bar på eit sjølv laga «emblem» med eit stort JA på.

I ungdommen var Johs. Silseth mykje plaga av ein seig magekatar. Av den grunn kom han i kontakt med naturlege Olvik, som gjorde han frisk att av dette. Frå då av var han godven med Olvik og skrytte svært av lækjerådene hans. Olvik var fleire gonger heime hos Silseth, og dei hadde planar om at Furuly Helseheim, som til slutt vart reist på Stord, den skulle byggjast på Toftevåg, Silseth utvikla seg etter kvart til ein lokal «helseprofet», og særleg dreiv han heile sitt vaksne liv ein sterk agitasjon mot all tobakksbruk, først og fremst røyking. Han heldt sterkt fram Olvik og Høyenes sine påstander om at kreft og hjarteskjukdomar hadde sin hovudgrunn i tobakksbruk. Atter fekk folk noko å le av. Men no har altså vitskapen for lengst slege fast at slik er det. Liknande handsaming har dei nok alltid måtta funne seg i dei som er «føre si tid».

Ja, føre si tid var Johs Silseth i så mangt. Kring 1904-05 sette han seg i samband med Stavanger Preserving, det første firmaet her i landet som la ned brislingsardinier - dei tok til alt i 1873, Bjelland først i 1883. Etter opptak frå Johs. Silseth reiste så dette firmaet ein av dei første større sardin-fabrikkar her i Sunnhordland. Silseth var sjølv disponent for fabrikk i Toftevåg til omkring 1918. Denne verksemda skapte som ein liten økonomisk revolusjon her på Halsnøy, særleg sidan det vart arbeid å få for så

mange kvinner. Mest alle koner og døtrer gjekk på fabrikk og tente pengar. Og etter som innflyttaren Enoksen og bygdamannen Lars Sæbø nokre år seinare gjekk i gang med ein liten sardinfabrikk i Sæbøvik - den som i 1914 vart overteken av Chr. Bjelland og straks utbygd til ein stor fabrikk - så kan ein seia at Halsnøy kom «på den grønne grein». Det er eit faktum at Halsnøy vart meir økonomisk velstående enn dei bygder som ingen fabrikk hadde. Johs. Silseth må få mykje av æra for denne utviklinga.

I den tida Silseth var disponent på fabrikk i Toftevåg, sette han i gang bygging av ein heller stor motorkutter. Han var 56 fot, hadde ein stor Normotor og gjekk med 8-9 knops fart. Med denne henta dei brisling til fabrikk. Båten var bygd i Sponavikjo her ved Toftevåg og vart sjøsett i 1910. I slutten av 1920-åra vart han ombygd til såkalla handelsreisendebåt og gjekk i mange år i fart for fleire av våre store vestlandsfirma, og også eit år for O. Mustad & Søn, der bror til Silseth, Peder Helland, var salsagent.

Silseth bygde og dampskipskai og forretningsbygg på Eidsvik, og dreiv dette som filial under Toftevåg i mange år, til dess etterkomarane til broren overtok denne handelsplassen. Seinare overtok H.M. Eide, og så son hans, Lars Olav Eide, som dreiv handel der til desember 1981.

Silseth dreiv og bakeri i Toftevåg, og køyrde fleire gonger i veka til filialen i Eidsvik med ferske brød og andre varer. Til dette bruka han ein kvit hest som var «mannvond». Eg hugsar at me ungane heldt oss godt klar dette dyret.

På Sæløy ved Tysnes hadde Silseth hand om ein nedlagt gard. Han hadde sauer der. I onnene tok han med seg på MK «Toftevåg» både kvinnfolk og karar og for til Sæløyo. Dei gjorde onnene på rekordtid. Johs. Bårdsen som no snart fyller 85 år, var med på dette, og fortel at det følgde mykje moro med desse turane. Truleg var det ikkje nokon god forretning for Silseth, for etter nokre år vart Sæløyo avhenda til dåverande fylkesagronom Arne Bu. Silseth tok likevel heim dei sauene han hadde der, og dei gjekk då i utmarka her på Tofte i mange år. Ved krigsutbrotet i 1940 hadde han etter eiga utsegn kring 60 sauer, men ved fredsslutninga var det ikkje ein einaste att!

Straks etter første verdskrigen sette han ut ei såkalla «bunn garnsnot» ved sjølinja si her i Toftevåg. Den hang på lange trepålar nedslegne i botnen. Her fekk han mykje smålyr og annan småfisk som han hadde gåande levande i eit avlukke ved kaien sin. Så henta han middagsmat når det passa han, og gav også gratis fisk til andre. Me ungane hadde mykje moro av å stå og sjå på denne fisken. Kring 1930, då det tok til å verta vanleg med radio mellom folk, vart han autorisert som radioforhandlar og selde ein del apparat rundt i Sunnhordland. Etter som me ikkje hadde elektrisk straum på den tid, var det mykje batteridrivne apparat. Han skaffa seg derfor ei stor vindmølle til å lada opp akkumulatorar med. Den stod på toppen av Grønehaugen.

Silseth var og interessert i notbruk, og hadde fleire store brisling-trengder som han leigde ut til fiskarane når det baud seg slike høve ved godt fiske. Han prøvde seg og litt som oppfinnar, søkte såleis patent på ei innretning til vask av sauer og geiter. Det vart då og laga nokre få slike apparat, men nokon suksess vart det ikkje.

Stort nytt grisehus bygde han og, og dreiv mykje med slaktegris og sal av smågriser. Ein gong tok han om bord i MK «Toftevåg» 65 fullvaksne griser som vart førde til Bergen og jaga på land ved slaktehuset i Sandviken, akkurat som sauer. Han hadde store vanskar med å få dei på rett veg, og det vart sagt at så mykje grisehyl hadde det til dessar aldri vore i Bergen.

No sit du vel og ventar på ei opprekning av bragdene hans i bygdestyring i gamle Fjelberg. Men der kom han aldri nemnande med. Det einaste eg kjenner til, er at han var formann i likningsnemnda i ein periode. Det vart då litt meir «klabb og babb» enn vanleg, og han kom aldri seinare med i «styr og stell». Men så hadde han heller ikkje slekt som kunne hjelpa til ved dei ymse val, veit du. Silseth vart aldri gift, men hadde likevel ein gjestfri heim. Dette var sikkert like mykje den framifrå flinke «husholdersken» hans å takka, Else Skaaluren frå Rosendal. Ho styrte huset for han i mange år, det meste av hans liv. Nokre gonger for året vart det stort selskap hos Silseth. Forutan Nils Juul var det både lensmann og prest og doktor, og elles kjende personar frå andre landsdeler. Eg hugsar godt Idar Handegard og fylkesagronom Arne Bu. Ved juletider hende det at han bad til seg alle granneborna og laga til stor julefest. Dette var noko me såg fram til med store forventningar. Det var gåver til kvar og ein, juletegonge og julemoro, og så mat, sjølv sagt. Var det nokon av jentene han tykte ekstra godt om, smigra han dei med at dei var «alldeses utmerka kone-emne». Det var ofte det følgde ymse ablegøyer med Silseth'n. Men på botnen var han ein alvorsmann. Det fanst ikkje meir trufast kyrkjegjengar enn han, og han sat alltid heilt framme under preikestolen. Han gjekk kyrkjevegen frå Toftevåg til Eid lett og raskt til langt opp i 70-åra. Han var i det heile ein fargerik person som det sikkert kunne skrivast ei heil bok om. Det vert det vel ikkje noko av, men eg tykkjer at det eg her har teke med, er det aller minste han har fortent.

Han dreiv bruket sitt i Toftevåg og handelen til langt opp i åra. Berre nokre få år før han døydde, gav han alt han hadde til Johannes Winthertun frå Skånevik. Denne heldt fram med handel og anna, men etter at sardinfabrikken i Toftevåg brann opp i august 1963, vart heile eigedommen seld vidare til Stavanger Perserving. Dei rekna med å byggja fabrikk opp att, og det kombinerte vånings- og handelshuset vart av den grunn nedrive. Fabrikk kom likevel aldri opp att, og dette var gale, ikkje berre for Halsnøy, men for fiskarar vide om, for Stavanger Perserving sin fabrikk i Toftevåg hadde dei siste åra teke imot store mengder krabbe som vart henta lange vegar frå. Denne vart det seinare ikkje sal for.

For min part er eg vel den som kjende Silseth best, etter som eg var skippar på båten hans i 4-5 år, forutan at eg også hadde mykje med han å gjera seinare. Sjølv sagt var me ikkje alltid på bøgjelengde, i alle fall ikkje når det gjaldt vegbygging. Likevel var det ikkje verre enn at Silseth 4-5 veker før han døydde sende bod på meg. Me snakka då heller lenge om det me hadde hatt i lag i vår levetid. Han konkluderte med å seia at «av alt det eg har teke meg føre av både vist og gale, så er det berre ein ting eg angrar på, og det er at eg ikkje gifta meg og fekk born som kunne halda fram her i Toftevåg.»

Han døydde den 8. mai 1956, og ligg gravlagd utafor inngangsdøra til Eid kyrkje ved sida av fosterfar sin, Anders Silseth.



*Johs. Silseth til høgre, Nils Juel i midten, Peder Helland til venstre.  
(Foto utlånt frå Birgit Winterthun, Skånevik)*



*Truleg frå sjøsetjingsgilde ved Skaalurens Skibsbyggeri. Johs. Silseth lengst til høgre, broren, Peder Helland, nr. 2 frå venstre. Men kven er så dei hine, og kva årstal er det? (Fotoet er utlånt frå Birgit Winterthun, Skånevik).*

**Anders Gabriel Kloster:**

## *På Svinøystrand*

**- Morbror Bjarne til minne -**

No ser eg eit ferdafylgje  
koma for Svinøystrand -  
mi moster sit der, og moder:  
"Her gjekk di gamle i land.

No e di farne, di gamle -  
Bjarne va den siste så for."  
I herme so høyrer eg inni meg dette  
av moster mi og mor:

"Kor va der ein kaffigrande  
rektigt godt malen på? -  
No e han der nett for nese,  
held litegrand ut-ifrå."

Moster sit på ein stein i strandi  
som hitti ein annan heim:  
"Ja der blei sakn itte Bjarne  
- men tedno e her no den."

Tiriltunga fær raude kløver,  
men taren mot kveld er stur.  
Ei gamalvan hand dreg veven attfyre  
burte i Blåhidler-ur.

I Blåsal ein gong var eg inne  
i susande søg av sjo -  
Atter eg stend der og lyder i minne  
til vedmodstung velfars-ljod.


## *Bjarne Gabrielsson Sunde (1908-72)*

var utflyttar og Sunde-patriot. I konfirmasjonsalderen vart han slegen ut av poliomyelitt, men eit opphald på Haukeland Sjukehus, og sidan eit lengre på Sophies Minde hjelpte han på fote att såpass at han tok seg fram på to stavar. I skikkeleg vaksen alder tok han gymnaset og var komen i gang med å studera ved universitetet då krigen sette ein stoppar for dette. Etterpå tykte han at han var vorten for gamal til å studera. I staden søkte han og fekk redaktørstillinga ved Norges Vanførelags blad "Solglimt". Dette vart - og vert - prenta på Sandane i Nordfjord, så det laut bli å flytta dit. Det var der han vart kjend med Aud Dvergsdal frå Jølster, ei uvanleg traust og gild jente som han sidan gifte seg med. I henne og sonen deira, Olav Gabriel, hadde han si største glede og beste støtte resten av si levetid.

Bjarne bar vanlagnaden sin med tolugt mod, mannsleg og usentimentalt, og prøvde å halda heimlengten for seg sjølv. Den sleppte no aldri taket i han heilt. Til det var han altfor sterkt bunden til denne strandstaden og slekta si her. Støtt gjekk han og såg fram til neste stutte sommarferie, til båt i milde bårer på open fjord, i sund og vik, kanskje helst rundt Svinøyo og Løkjelsøyane, til litt fiske og ein hyggeleg prat med bygdefolket. I godt lag kring ein sterk kaffikopp tinte han fort opp. Han gjorde aldri krav på å vera midtpunktet, men vart det lett likevel. Han var den heimkomne sonen som hadde bygda nett så mykje på avstand at han kunne sjå på henne med humor - romsleg forståing og samhug.

Han la all si kraft ned i arbeidet med bladet og prenteverket, og døydde herleg utsliten, 64 år gamal.

L. D.



*På Notavikjø 1963 saman med broren Gerhard og systersonen Aksel Kloster.  
(Utlånt av Brita Sunde)*

**Anders Gabriel Kloster:**

## *Småradl på Halsnøy-mål.*

**FAR MIN FORTEL:**

''- - - Lars'n ja, elde Kolsøy-Lars'n så di kalt: 'an: 'an va' sver å skjota fugl, skarv å såvre-slag. 'an hamla seg på stakjen, hått' eg, å styrde seg litt ifrå, eld' 'an gjøymde seg i båten å rek seg ned-på stakjen med børse-pipo nett øve esingjo.

Skarven sete slik imot ve'n (vinden) at 'an teke fok på ve'n.

Ja, eg kjende godt Lars'n, å eg kjende godt Lauvøy-Gabriel'n - d'e han så har bygt båten vår - - 'an hadde godt handalag, han, åsså siglde han alltid når der va' soren vind. Ja da va' heders-folk da - eg kjende di godt eg, beggje to.''

**Torgeir Døssland:**

## *Reisebrev frå Hardangervidda hausten 1959*

Hardangervidda har drege meg i mange år, og særleg etter at du, Leiv gjekk over der i 1940, kappgjekk på ski med vårløysinga i hælane for å koma heim på snednaste måten etter den usæle enden krigen tok. Det høyrdest så liketil då du fortalde om skituren de hadde, du og han Arne Tokheim frå Eitremsneset. Og du tala så ofte om at me skulle gå over vidda sommarstid. Det måtte vera ein herleg ferietur. Me prata så smått om det år etter år, det laga seg berre ikkje slik at me kom av stad. Men det har lege og gnage meg kvart år, at Hardangervidda sommarsdag ville eg oppleve.

Men jamt og smått er eg blitt mindre kar å ta meg fram til fots på slike langturar, og dette å slepa på tung ryggsekk ber meg meir og meir imot. Men så veit du kva ordtaket seier: "Det er berre hestar og dumme folk som slit og arbeider." Og kvifor ikkje la **hesten** slita fram både meg og pargaset mitt over Hardangervidda? Ein måtte kunna ri der det er så fint å koma fram, så kunne ein nyta alt det vakre ein ser utan å slita seg helselaus for det. Då eg nemnde tanken for fjellkaren og reinveidaren Tor Tveit, vart han ivrig og talde til. "Du skal få låna sal hjå meg," sa han, og det fekk eg då det laga seg slik at eg kunne riva meg laus i haust.


Eg fekk følgja Henry Taraldsøy med lastebil frå Skånevik, og gamle Stella tok bilturen til ysteriet i Røldal så fint, og var like forviten på verda framfor seg som eg sjølv.

Og så bar det på hesteryggen med meg opp Valldalen til Valldals-sæter, der me kom i god tid om kvelden. Der er ei vakker turisthytte med gilde vertsfolk og godt stell. Merrra kom i godt beite kring husa, så ho var mett og god då me starta om morgonen på vegen til **Litlos**.

Den opphavelige planen var at eg ville halda meg til vestvidda denne gongen - Litlos, Hadlaskar, Hedlo, Vivelid og ned Hjølmødal til Eidfjord, og så med båten heim. Men det hende nokre ting som kom til å endra turplanen - eg kjem attende til det. - No er det berre så som så å fara åleine på ein slik tur, så då eg fekk lag med ei jente frå Nordfjord på vegen til Litlos, så var eg feien for det. Eg kløvja pargaset hennar, og me kom på god talefot.

Opp Valldalsbrotet er det bratt, og vel oppkomen er ein i høgda med

det same. Det var ikkje råd å ri der, meinte folk på Valdals-sæter, for det var så tett med buskar at eg ville verta sopt av, men det tvila eg på, for det gjekk då kløvhestar der eit par gonger for veka med varer til Litlos turisthytte, og kløvene deira var då vidare enn mi, så eg sette meg på hesteryggen med det same, og det gjekk så fint at det var ei lyst. Eg hadde fått Espenes til å sy meg eit par kløvposar til å ha pargaset mitt i, men dei var i drygaste laget, og eg måtte fiksa dei litt på Litlos.



*Det er eit snitt med det å laga ei god kløv.  
(Foto av Stella utlånt av Ingeborg Hosteland Døssland)*

Det er eit snitt med dette å laga ei god kløv. Ho må koma så høgt som råd er, men når ein samstundes skal ri, så må der særlaga saker til, og eg lærde ikkje så lite om det på denne turen. Og så røynde ein det, som så ofte elles, at ein dreg på mykje det ikkje vert bruk for. Gode, varme underklede må det til om ein kjem ut i kaldver, men og vindtette ytterplagg og regntøy. I alle høve må knea haldast turre og varme. Men eg vart tilrådd å ha med luftmadrass, for det var slik kjør på hyttene at det skulle vera vanskeleg å koma i god seng alltid. No var eg klok nok og let mi madrass vera att heime, og bra var det, ho ville teke for mykje plass. Og no var det ikkje så mange som reiste, så det var plenty sengeplass alle stader. Mat for ei veke burde ein ha med, tenk ikkje det, kippers og annan boksemat. - Nei, det gjer eg ikkje opp att. Det er rikeleg med mat å få kjøpt på hyttene, så noko turrkjeks å spe på med er alt ein treng, etter mitt vit.

Ja, så rugga eg og reid då over berg og fly og elvar og urdar og lyngmoar og myrar, og gamle Stella imponerte meg meir og meir. Det var make-laust kor trygg ho var å ha under seg. Var lendet greitt, trippa ho så snerte av stad. Var det urd og elvar ho måtte over, var ho varsam. Ho flytta aldri ein fot utan ho var trygg på at ho sto støtt på dei tre, og tok godt feste før ho flytta neste att. Det gjekk smått og varsamt då, men så sikkert og fint, og eg kjende meg straks vel der eg sat. Var det for grove urdar, så måtte eg av, men det hadde strengt teke ikkje vore turvande, om det ikkje var for det at ein hadde godt av å gå litt no og då.

Ja, det hende nokre gonger at urdane var så stygge at Stella berre riste på hovudet og nekta å gå. Då fekk ho frie taumar, og ho kleiv opp under fjellet, ovanom urdane og gjekk over i sanden og småsteinen der, og rusla så ned att på andre sida og inn på turiststigen eller kløvvegen att. Ned bratte brot hadde ho eit makelaust lag til å bauta, og eg hadde moro av å prøva å ri der og. Eg låg mest flat på hesteryggen med stigbøylane oppe under manken. Men det er no ingen sport å driva med, så eg gjekk der det var på det leiaste.

Dei hadde spådd meg ille, alle forståsegpåarane: Eg ville verta så sår og skamfaren etter denne turen at eg ikkje ville greia å fota meg på lange tider, sjølv med ein god sal. Men eg hadde laga meg ei god skumplast-pute på salen, og sat som i ein lenestol med ypparleg trykkfordeling, og eg nauda aldri det grand.

Her var nytt og ukjent alle stader her for Stella og, så ein burde vera litt skeptisk. Svarte sauer er ikkje å lita på, sa ho, og vande seg aldri heilt til dei. Stygge, sa ho, og frøste mot dei. Men då det første lemenet kvein imot ho beint nedfor beina, så jumpa ho til, så rytteren hadde si fulle hyre. Men det var så mykje lemen at ho laut tola det, svineriet. Det var verre med kvinnfolket som var med. Ho gjorde vegen over vidda uturvande lang, for desse små fine krypa sin del. Ja, det var mat i massevis for all hauken me såg. Den heldt slaktefest kvar dagandes dag, med stukas-stup i einingen - flekte dei små stakkarane opp i nakken, tok ut ei lita klype, og så opp og stupa over neste. Somme stader var det strødd mange lemen-lik med same slaktemåten.

Eit herleg ver hadde me dei første dagane. Det var så varmt at eg sat skjorteerma og drog berre på ein gensar mot kvelden. Godt med gras var det for merra kring våtlende og elvar nedi deldene, men elles var det ikkje feite sakene på høgdedraga me for over. Alt i alt var det helst grise mellom stråa, så me måtte ha gode rastar for at hesten kunne finna så mykje at han greidde seg. Eg hadde kjøpt ei lett nylonline, 25 m, som eg knytte til eit grovare tog nærast merra, så ho hadde eit godt stykke å rekkja over.

På Litlos såg det spøkje ut for Stella. Der hadde dei ein kløvgamp som var så arg av seg. Han var så sjalu på andre hestar som nærma seg merra han gjekk saman med, at han gav på dei og slo. Så dei var i stuss, vertsfolket, om eg kunne tjora hesten min. Dei rådde meg til å sleppa han saman med dei andre hestane i førstninga, så fekk me sjå kor det arta seg, og heller setja Stella inn for natta og gje ho myrgras. Eg var dum nok til å tyda på dei, og kom elles i hug at ho hadde vore lite huga å gå over etvar, og Litlos er innringa av elvar og vatn, så eg tenkte det gjekk gjerne. Jau, sakte gjekk det. Dei kom så fint av det alle hestane og beitte pynteteg saman, og me vart einige om at me skulle la dei gå om natta. Stella hadde eit par skor som hadde tosna litt, så eg ville vera tidleg oppe og byta eit par saumar om morgonen. Klokka fem sto eg opp og såg om hestane. Då sto dei tett saman ved ein uthusvegg og småsov. Eg la meg trygt til att og var på beina klokka sju. Då gjekk dei og beilte alle. Eg tok grima og gjekk mot Stella. Ho tok ein presentasjonsrunde kring meg, vifta tint med halen eit par-tre gonger og la på tangbyks, same tara ho var komen til Litlos, over elva så vassgovet sto kring henne og beint til fjells. Og trollet, drog ho ikkje dei andre hestane med, endå dei gjekk med hellelekkjer! Dei tangbykste i Stella sine far. Ja, då var det ein kar som ikkje var høg i hatten. Eg var sikker på at no for ho minst til



*"Fyssi so møsse du da arma dyre, å seinare fer du ei tfer sjøl."*

Skånevik. Og der sto eg på ville Hardangervidda med alt mitt pargas, lite huga på marsjen attende. Eg forbanna meg sjølv og toskeskapen min, og tenkte på mor sine hardnakka innvendingar mot denne halslause turen inn i ville audna der det kjem vekk folk og fly og heile landet vert engasjert i leiting, offentleggjering i presse og kringkasting. "Fysst so møsse du da arma dyre, å seinare fer du ei ufer sjøl," Sa ho. Ja, sjå det du, Torgeir. Så kloke og førevise vert eldre folk. Du er ung og dum du enno, badn. No sto eg altså der på Litlos og **hadde** mist hesten. Det var første etappeen på den sørgjelege endelykta mi. Så no hadde eg berre att å fara uferda sjølv, og verta opp i mat for rev og ramn og aviser og kringkasting. Huttemetu!

Ingvald Øvergaard, verten på Litlos, vart varsla straks og tok til sprangs ein snøggveg, kom framom hestane sine og fekk tak i dei. Ho stogga, Stella og då, så han tenkte han hadde fått tak i henne og, men så såg ho at det skulle bera same vegen inn i ville vidda, dermed vifta ho farvel og for ifrå han, møt det trygge og heimekjende.

No var det så vel at Øvergaard skulle nedover til Valldalssæter etter kløv same dagen, og der, på Valldalssæter, var det uråd mest å koma framom for dyr, då vatn og gjerde stengjer, så desse fjellkjende og dyrekjende rekna med å finna Stella der. Og det gjorde dei. Ho hadde kome som eit udyr stormande inn på vollen i tolvtida om dagen, så dei var ottefulle for kva som kunne ha hendt, men då dei såg at ho var sallaus, så roa dei seg med at ho hadde rømt, og venta på folk etter henne, og let henne beita på flatene der. Eg hadde gjeve Øvergaard lov til å leggja kløv på henne oppover, men det var no mest både ilt og løye å sjå merra til ein patent fråhaldsmann koma nedlesst til fjells med **pils!** Det var ei sabba tung kløv, og på toppen av det heile laut ho finna seg i å bera ryggsekken til eit par turistfruer som skulle vidare frå Valldalssæter, og fruene sjølv over elvane på hestereva. Då hadde ho mykje på tredje hundre kilo. "Da va ein **gilde kløvhest,**" sa Øvergaard. Stella hadde helst jaga på dei andre. Men sveitt var ho, så eg gav ho ein god vask med saltvatn då eg fekk ho fri børa, og ho hadde ikkje nauda. **Eg** var glad eg slapp traska same vegen attende, men kunne få avferda mi frå denne lunefulle verda utsett nokre dagar i alle fall. Eg var helst ved godt mod att. Men no sleppte eg ikkje handa av merra meir. Ho roa seg elles godt i tjoret resten av turen.

Det gjekk to dagar nede å gå og venta på Litlos. Dei nytta eg til småturar kringom i fjella der. Utruleg vakkert og fint lende å tusla i. Eg hadde teiknesaker med, men uvissa med hesten og lagnaden min eigen gav meg ikkje så mykje fred at eg fekk samla meg om ei einaste skisse. Så fann eg tak i ein gamal stutturv og fekk ein smågut der til å dra steinen, og no har eg opplevd å vera slåttekar på Hardangervidda. Eg måtte fara over ei stor flat myr før eg fekk skrappt saman ein sekk gras som eg

ville ha til hesten om natta, inne. Gjekk med støvlar og vassa kring små-tjørnene, fikta bort reinskiten og piska og sopte små strågrandane saman. Stogga lange stunder og såg mot himmelbryna på Ramnaberget der me kunne venta å sjå kløvreia, då så langt leid. Og alle på Litlos venta, vesleguten på far, Margit på mannen, og vesle treårige Gunnvor kom til meg gong etter gong og spurde om eg lengta etter hesten min. Dei hadde ei blakk merr som var så snill, og Gunnvor kalla henne for si. "Blakka ventar so på Gunnvor," tok ho opp att og opp att. Og då den lange kløvreia synt seg mot himmelranda, var Margit den første som såg ho. "Det er so lång ei rei, du får att hesten din," ropa ho til meg. Ein lærer så lenge ein lever.

Det gruggast til utover søndagskvelden, så det var med spaning eg lydde etter vermeldinga, og då dei melde opphaldsver og vind med finaste veret på austvidda, var eg ikkje sein om å velja ruta vidare. Turen fekk gå om Sandhaug. Veret heldt seg tolleg bra og klårna opp utover dagen, så eg hadde det fint til om kvelden då det byrja å yrregna litt. Eg hadde fått så usikre rettleiingar om korleis der er å koma fram med hest til Sandhaug - på kartet syner det nokre svære myrvidder kring Normannslågen, og i turboka er det nemnt at ruta går over myrane der på klopper der slike er utlagde. Men å få hesten over klopper er sjølv sagt uråd, enn seia få henne ut på myrane. Det er mest pussig å tenkja på at folk som ferdast der, ikkje kan gje skikkeleg svar på slikt. Då eg kom så langt at eg hadde Besså rett nedfor meg, reid eg like godt fram til turisthytta der og forhørde meg. Då såg eg Sandhaugshytta langt framme ved Normannslågen, ein times gonge unna eller så. Men nei, på Besså visste dei slett ikkje. "De vil ikkje fortelja meg at de har vore her i 20-30 år ein times gonge frå Sandhaug og ikkje kan seia om det let seg gjera å ri dit?" ville eg veta. Å nei, dei visste ikkje dei, nei. Men så var det ein kar som forsnakka seg: "Ja, han Leiv for no nedover i dag, med tri øykjer og skulle henta kløv, så der er vel gjerne framkomande med hest," sa han. Då takka eg så mykje for dei verdfulle opplysningane og reid vidare - snytte dei samvitslaust for ein overnattingsgjest, som dei sto og vona på. Ja-ja, endå el lita røynsle rikare, om forretningsdrift i turistparadis.

Eg var elles storheldig: Då eg kom opp på eit lite høgdedrag og såg skilleg den store gangbrua over elva nedfor Sandhaug, oppdaga eg eit langt følgje, tre kløvhestar og nokre fotfolk. Kløvreia for over den breie elva nedafor brua og folket over brua. Så fylgdest dei eit stykke fram til fotfolket tok over myrane langs Lågen og kløvreia tok nokre lange krokar mot sørvest. Eg venta i spaning og prenta meg inn merke der dei for og lurte på om dei skulle venda når dei kom opp i skråninga over myrane og ta nedover mot Besså, eller om dei heldt fram mot Hansbu. Jau, der vende dei og kom mot meg. Det var Leiv Sæbø som steller med Besså turisthytte og eig henne og. Han kunne rettleiia meg om myra. Det var synleg traktorveg der eg skulle fara. Ja, traktorveg i myrar er no ikkje så

mykje å lita på, det fekk eg sanna. Der er ei seig torve oppå som kan bera på ei vis ein gong, men knapt to, så må ein finna ny leid. No er det det fine med det at hesteinnstinktet er det tryggaste å lita på, men det var ikkje meir enn det gjekk ein gong merra plumpa nedi mellom traktor-spora, men det gjekk.

På Sandhaug råka eg på kjennsfolk att. Det var Kåre Meidell Sundal og kona hans. Dei skulle vestover og henta mor hans med til Oslo. Så sette dei bilen på Tråstølen og tok ein tredagars svipp innover vidda.

Der er ein sær s stemning på desse hyttene. Ein kjem saman med så mange hyggelege menneske, og skymingstimane kring peiselden eller på kjøkenet er merkeleg gilde. Det er så mange soger å høyra, og ein får veta så mangt om vidda og livet der, både slik det er og slik det var. Det er fiskesoger og jaktsoger. Det kjem inn folk som har trakka kring mange fjell og fiska og kosa seg kring elvar og vatn på alle kantar av landet. Men likt for dei alle er at Hardangervidda må dei attende til gong etter gong. Dei som likar å fiska, kan gjera det. Her er mykje fisk, og ofte verkeleg store å hala. Eit ektepar frå Børve, som følgde denne arrestanten min frå Valldalssæter, hadde gjeve seg etter midtveges til Litlos. Han hadde nokre fine fiskeplassar i Holmavatnet han ville prøva, og då det skya over nett då, vart det bit, så dei kom fram til Litlos eit par timar etter kløvreia med ei bra ryggbør med stor, fin aure. Der var dei som heldt sine seks merker, og dei kunne få dei opp i fleire kilo. Øvergaard hadde fått fisk på 3,5 kg, og no i eit radioprogram frå vidda hadde dei ei soge om ein aure på 4,2 kg.

Ved Tinnhølen råka eg på ein uvanleg interessant kar, Heine Sæbø frå Øvre Eidfjord. Han var 83 år og hadde lege og fiska der ved Tinnhølen i mest heile sitt liv. Han åtte eit par hundre garn, men no nytta han ikkje meir enn 80-90. Han var så lei seg, det hadde blåse så hardt at han ikkje hadde fått "skygna" på tre dagar. Dei dreg ikkje garna, berre forfer dei og ser over og plukkar fisken av og let dei stå vidare om alt er greitt. Folk eg snakka med seinare, fortalde at Heine hadde fiska seg grunnrik i Tinnhølen. Han fortalde meg sjølv at han laga rakaure og selde på austlandsbygdene, men mest i Oslo og Drammen, fekk 18 kr. kiloen for den ferdige rakauren. Og då skal det ikkje så mange aurane til før ein har seg ei god dagløn eller to. På Litlos fiska dei særleg i Litlosvatnet, og det var ikkje dag med' eg staua der utan dei hadde seg nokre kilo, utan desse varmaste dagane - då sto auren heilt still.

Men vidare. Tysdag reid eg til Dyranut. Hadde tenkt å ta natterast i Bjor-eiddalshytta, men eg hadde drive hardt på og kom vel tidleg fram dit, og veret var flott, så eg peiste like godt på fram til Dyranut. Ja flott og flott -. Det bles serkt. Eg hadde på meg dei klede eg hadde med, og det

trongst den dagen. Oppe på høgste draga var det reine stormbyer, mange gonger så harde at det var tungt å dra pusten. Men sola skein, så det hadde inga naud. Og så var det storvegnes vakkert der eg no for fram. Frå slake høgdedraga her såg ein milevidt, sørover mot Bjørnesfjorden og alle småtjørnar og vatn der, og austover mot Langesjøen. Og så dei vidunders haustfargane som bragla i flater og flyer. Eg for der og la ville planar om å leggja i veg eit anna år i andre leier, frå Sandhaug mot Raudhelleren eller til Lågaros og vidare til Stegaros om Mogen, og så om Litlos og heim. Herregud rett for turar her er. Men då skulle ein hatt minst to hestar. - Men lat no det venta, og lat meg koma til endes på denne ferda.

Det vart opp i storver utover kvelden og natta på Dyranut. Eg var glad eg hadde øyken på stall der. Det vart mindre med maten til han. Han var oppskaka av den sterke stormen som ylte kring novene, og det vart ikkje mykje han åt av dei gode kveitebollane og all den fine avfallsskivematen vertinna gav han. Men utover onsdagen letta det og vart opp i finver att. Eg tinga likevel lastebil frå Eidfjord, for eg hadde hug å nå båten der om kvelden, og det ville blitt hardt for hesten å trakka landevegen over fire mil. Jau, det gjekk fort unna, og hesten kom på godt beite på ein allmenning i Eidfjord og gjekk der resten av dagen til båten kom i tolvtida om natta. Eg hadde vore innom ein gard på Legreid og fått meg ein sekk høy til å halda liv i merra med det døgeret det tok om bord. Kom til Uskedalen i nitida torsdags kvelden og tutla og reid heimetter. Var heime og i seng ved midnatt. Hadde vore nett ei veke på turen.

Og så er me falne til ro att, hest og mann, og eg sit gong etter gong og lever opp att det heile i tankane. Det var ein fantastisk gild tur, for å bruka dette skamslitne uttrykket. Det er litt vanskeleg å finna ord som tilnærma dekkar dei kjenslene ein sit att med, og dei synsinntrykka ein hadde og har.

Såg du mykje rein? har dei spurt meg mange. Heldig vis ikkje ein einaste ein. Eg veit ikkje korleis Stella ville likt det. Ho hadde nok teven av dyra vest for Besså ei tid, for ho var så uroleg der og stogga brått gong etter gong og snøste. Der var no mykje skit og ferske far, og eg tala med ein fjellkar på Hedlehalsen som hadde sett ein flokk på over 5000 dyr nett der hesten vera og snøste på det verste. På Litlos hadde det vore så mykje rein at dei hadde måtta teke seg føre å setja jag på dyra tidlegare på sommaren, for dei venta kyrne til fjells, og reinen gnog av beiteviddene.

Ja, dette vart ein lang epistel det, og var eg fullt og heilt vanen min tru med å leggja ut i breidda, så hadde eg ikkje vorte ferdig dei fyrste dagane om eg hadde sete i eitt, så det får like godt vera med dette.

Det var vel nytta dagar, og brun og fin vart eg, så pengane og tida for

vel. Og mor var tydeleg glad då ho såg meg om morgonen. Eg hadde no sendt telegram frå Dyranut om at hest og ryttar var vel framme og kondisen i orden. Men likevel braut ho ut: "Nei men e du verkele kobmen heim att!"



Ja, er eg det, eigentleg? Ikkje med heile sjela mi enno, men ho kjem vel etter smått om senn. Og så kan no turen gjerast om att, som sagt. Kva seier du, skal me ikkje ta dei tre podane i Gloppen med oss og dra på vidda til sommars?

God natt, og sov på det.

**Hjarteleg helsing  
Torgeir**

## **ETTERORD.**

Nei, det vart ikkje til at me fekk teke denne turen i lag - me fekk hendene for fulle kvar med sitt, og tre år etterpå vart no han slegen ut for godt, som turist. No har han lege under torva i tretten år. Stella har og lenge vore sakna på garden. Eg fann ein opprusta sko etter henne no ein dag oppi nybrotet mitt. Dei tre "podane" er blitt "etablerte menn" og lyt få velja sine eigne vegar.

Men kanskje dette 23 år gamle reisebrevet kan vekke lysta på ein tur over Vidda hos andre - med eller utan hest?

**Leiv**



## KVINNHERAD-PALETTEN

Kvinnherad-Paletten er ein av dei aller yngste institusjonane i bygda vår. Han vart til i januar 1980, og det var Betty Røsland og Ole Bjarte Røsland som gjorde opptaket. Nokon skrivne vedtekter for klubben finst ikkje enno, men han er open for alle kvinnheringar som syslar med pensel og palett, eller blyant og tusj penn, og føremålet er enkelt: å koma saman og skapa miljø, gje og få idear og inspirasjon. Møta vert haldne jamt over ein gong for månaden, for det meste i Sunde fritidssenter. Medlemene bør ha med seg eit nytt bilete til kvart møte og få og gje kritikk. Elles prøver klubben å stø opp under kurs i friundervisnings-regi og ta del i utstillingar som kulturnemndene i samfunnshusa skipar til, eller medlemene hengjer sjølve opp eigne bilete i banklokala kringom i bygda. Til denne tid har det skjedd utan tanke på sal, som rein propaganda. Det gjeld å få folk til å ta i bruk sin biletskapande fantasi og å få fleire medlemmer inn i klubben. For tida er medlemstalet 14-15, spreidd på strekninga Halsnøy-Sandvoll-Rosendal.

Det er ikkje **alderen** som kvalifiserar klubben for denne presentasjonen i Årbok for Kvinnherad, men det klåre kulturelle føremålet og den gode viljen til å vera med å gje årboka høg kvalitet. Her bør "fortid og fremtid -løpe i ett", for å sitera Bjørnson i dette jubileumsåret hans.